

Årsrapport 2021

Bjørgvin biskop og bispedømeråd



Sokneprest Margrethe Ølberg Røed og konfirmantar i Odda fekk besøk av prest Thor Haavik og eit team frå Bjørgvin bispedøme som har møtt over 2000 konfirmantar i 2021. Foto: Anine Vieth Mildestvedt



DEN NORSKE KYRKJA

Innhold

I: Tilstandsrapport frå leiarane	4
II: Introduksjon til bispedømet og hovudtal.....	7
Organisasjonsstruktur/organisasjonskart	8
2 A. Nøkkeltal for bispedømet pr. 31. desember 2021	9
2 B. Volumtal 2017-2021*	10
2 C. Nøkkeltal frå årsrekneskapen	10
III: Aktivitetar og resultat i 2021	11
3 A. Utvalde nasjonale resultatmål – Bjørgvin *	11
3 B. Mål og resultat – nøkkelindikatorar.....	12
3.B.0 Medlemsutvikling.....	12
3.B.1 Gudstenesteliv	12
3.B.1.1 Gudstenester.....	13
Nettbaserte gudstenester og deltaking frå den digitale kyrkjebenken	14
Vurdering av nok eit år med nettbaserte gudstenester.....	15
3.B.1.2 Vigsler	17
3.B.1.3 Gravferder	17
3.B.1.4. Samisk språk i gudstenester.....	18
3.B.2 Dåp og trusopplæring	18
3.B.2.1. Dåp	18
3.B.2.2. Trusopplæring	20
3.B.2.3 Konfirmasjon	23
3.B.3 Kunst og kultur.....	25
3.B.3.1 Kultur.....	25
3.B.3.2 Opne kyrkjer	26
3.B.4 Kyrkje og samfunn.....	27
3.B.4.1 Diakoni	27
3.B.4.2 Inkluderande kyrkjeliv	28
3.B.4.3 Trus- og livssynsdialog	29
3.B.4.4 Kyrkja på nett	29
3.B.4.5 Kyrkja i det offentlege rommet	30
«Den røde tråden» - markeringa av 250-årsjubileet for Hans Nielsen Hauge.....	32
3.B.4.6 Samarbeid mellom kyrkje og skule	33
3.B.4.7 Vern om skaparverket – grønne kyrkjelydar	33
3.B.4.8 Misjon og vennskapssamarbeid.....	34
3.B.5. Rekruttering og frivillig teneste	35
3.B.5.1 Frivillig teneste	35

3.B.5.2 Barne- og ungdomsarbeid	36
3.B.6. Bemanning, presteskap og administrasjon	38
3.B.6.1 Vigslingar	38
3.B.6.2 Trivsel i jobben	38
3.B.6.3 Presteteneste	39
3.C. FNs berekraftsmål.....	40
3.D. Mål på område innanfor biskopens verksemd	41
3.D.1 I biskopens søkelys.....	41
3.D.2 Forvaltning av saker knytt til kyrkjeordning for Den norske kyrkja.....	42
IV: Styring og kontroll i verksemda	43
Overordna vurdering av verksemda si styring og kontroll	43
4.A. HMT/Arbeidsmiljø.....	44
Andre tiltak	45
4.B. Likestilling	47
4.C Vurdering av mislighetsrisiko	47
V: Vurdering av framtidsutsikter.....	48
VI: Årsrekneskapen	50
6. 1 Leiingskommentarar	50
Vedlegg.....	53
Gjennomført program for biskop Halvor Nordhaug 2021	53

I: Tilstandsrapport frå leiarane

Bjørgvin bispedøme har mange dyktige og motiverte medarbeidarar, løna og uløna. I alle sokn er det frivillige og tilsette som er engasjert til stades, og som saman ærar den treeinige Gud! Slikt kan det bli meir himmel på jord av!

I 2021 var mange slitne av koronatida, med opning og nedstenging, begrensingar og stadige endringar. Likevel er det ein gjennomgåande tone at mange har halde pågangsmotet oppe. Ønsket om å kome tilbake til fysiske møtepunkt har vore stort. Difor er det gledeleg at talet på gudstenester har auka frå 2020, og talet på deltakarar har og gått opp. Ein har i større grad enn frykta klart å få folk til gudstenestene att. Samstundes er utfordringa med å kome tilbake til 2019-tal stor, og ein må vurdere om alt skal tilbake, eller om ein skal gjere varige endringar i arbeidsformer.

På fleire viktige indikatorar er det positive tendensar i Bjørgvin, trass korona. Det er gledeleg at dåpssatsinga synes å ha gjeve positive resultat. Likeins at tal på vigslе og gravferd er positive. Dette er indikatorar som samla gjev grunnlag for å tenke at kyrkja står sterkt i Bjørgvin. Medlemsundersøkinga som òg vart gjennomført i 2021 understrekar at medlemmane i stort er nøgd med kyrkja si, og med dei tenestene dei får i ulike møtepunkt. Kyrkja har på linje med andre tatt stort samfunnsansvar ved å følgje solidarisk opp om smittevernsrestriksjonane. Det har gjort at ein har redusert aktivitet og at det vil ta tid å innarbeide nye vanar med tanke på gudsteneste deltaking og ikkje minst barne- og ungdomsarbeid.

Konfirmasjonstala har ein liten negativ tendens. Dette har vi hatt merksemd på, og har difor sett inn fleire tiltak over tid. Mellom anna vart avlysing av satsinga rundt konfirmantleirkonseptet "Saman" snudd til ei svært omfattande satsing på "Saman på hjul", der nær 3000 konfirmantar og svært mange kyrkjelydar fekk besøk av bispedømet si ressursgruppe, beståande av unge musikarar, dyktige formidlarar og rådgjevarressursar. Bispedømet har i 2021 nytta unytta tilskotsmidlar og midlar frå vakansar i prestestillingar svært aktivt inn mot ei omfattande satsing på arbeid med konfirmantar og eldre ungdom.

Talet på frivillige (uløna medarbeidarar) har gått ned i 2021. Bispedømet har dette som særleg satsingsområde i 2022. Då med vekt på å auke kompetanse både i råd og stab på fagfeltet, og å løfte fram soknerådsmedlemmane spesielt. Over tid ser vi at systematisk arbeid med oppfølging av unge leiarar, rådsmedlemmar og frivillige i stort ikkje har vore godt nok. Nokre kyrkjelydar er svært gode på dette, nokre prosti har gode tradisjonar, men i stor grad blir mykje av bispedømet sine tiltak på området kanalisert i gjennom tilsette, og i liten grad direkte mot ulike grupper frivillige. Kursing av sokneråd skjer ved starten av perioden, men berre i liten grad har bispedømet klart å ha samlingar med vekt på inspirasjon for folkevalde i løpet av valperioden.

Arbeidet i St Jakob, ungdomskatedralen i Bergen, er inne i ein god flyt, og det er to område vi særleg gler oss over. Det eine er den medvitne strategien ein har for å bygge ein kultur av frivillige. I 2021 fekk ein tilbod om økonomisk støtte, men der vart det gjort nokre medvitne val som er verd å merke seg. Ein ville ikkje bruke midlar på å betale folk for tenester, ein ville heller bruke midlane til å gjere lokala meir tilgjengelege for fleire, og med betre kvalitet. Til dømes pussa ein opp kjøkkenet og leigde inn kokk som har kurs for dei frivillige som lagar middagar. Det er og gledeleg at ein her klarar å lage eit tilbod som når mange i aldersgruppa 20-30 år. Denne gruppa er den aldersgruppa som det er kritisk viktig at vi klarar å kommunisere med, det syner mellom anna medlemsundersøkinga. Og om ein ser ut over

deltakarane på dei fleste søndagsgudstenester rundt om, er det svært synleg at denne aldersgruppa manglar.

Kreativiteten på det digitale har vore mindre i 2021 enn i 2020, men fleire kyrkjelydar arbeider meir systematisk med til dømes digitale gudstenester enn ein gjorde før 2020. Det digitale har òg opna opp eit større rom for deltaking og tilrettelegging. Det er også med på å opne for betre og jamnare kontakt på ulike samarbeidsarenaer enn tidlegare. Biskop og leiinga i bispedømet har i 2021 hatt to rundar med digitale møte med alle prostia. Ein runde gjekk på den strategiske samtalen om den nye normalen og det å ta vare på det ein hadde lært på det digitale området i denne tida med pandemi. Den andre runden gjekk på oppfølging av medarbeidarundersøkinga blant kvinnelege prestar. Likeins har ein kunne arbeide meir systematisk med ulike møtepunkt med ulike samarbeidspartnarar. Opplæring og fagsamlingar har òg vore gjort digitale, og slik sett meir tilgjengelege. Det ligg eit potensiale for å utvikle dette vidare, og for å nå breiare ut i forankring og gjensidig læring. Dette gjeld både på det kyrkjefaglege området, men òg på viktige arbeid innan organisasjonsutvikling, og felles arbeid med likestilling, inkludering og HMT generelt.

Det å synleggjere kyrkja som ressurs i lokalsamfunn, i det offentlege Norge, og for den enkelte, krev systematisk arbeid med kommunikasjon. Det er stor forskjell på små lokalsamfunn og dei større byane, men det er viktig å være medviten om det samfunnet ein er del av og ikkje berre av indre-kyrkjelege saker. Samspel mellom nasjonalt nivå, bispedømenivå og lokalkyrkja er her viktig. Mykje bra skjer på kommunikasjonsfeltet nasjonalt, som er til stor hjelp på dette området.

Det å bygge stolthet over å arbeide i kyrkja er viktig, og det verkar rekrutterande. Kvalitet og engasjement er òg viktig for å auke deltaking på gudstenester og andre aktivitetar i kyrkja. Mangfald kan være ein ressurs for å synleggjere at det er rom for ulike folk, for ulike meningar og for ulike uttrykk. Bjørgvin bispedøme har hatt "saman" som del av sin visjon i lang tid, det er ein visjon som forpliktar og som utfordrar. I strategien for perioden 2021-2024 ønskjer vi i Bjørgvin å legge til rette for at kyrkja er open, synleg og nær, og saman vil vi særleg løfte fram følgande punkt:

Kyrkja i Bjørgvin vil i perioden 2021 – 2024 særleg arbeide for at

- *Fleire i Bjørgvin vert døypte ved å*
 - *styrke kyrkjelyden sitt oppsøkjande arbeid med å forkynne evangeliet til tru*
 - *formidle at trua er ei gåve som ein mottek i dåpen*
 - *invitere folk i alle aldrar til å ta i mot dåpsgåva*
- *Kyrkja skal vera ein meningsfull arena for ungdom og unge vaksne der dei kan*
 - *vere – og finne trygge og gode møteplassar*
 - *skape – og bruke sine egne kulturelle uttrykkformar*
 - *bere - og verte engasjerte for menneskeverd, klima og rettferd*
 - *tru - ved å delta aktivt i gudstenester og fellesskap*
- *Det kyrkjelydsbyggjande arbeidet vert styrka ved å*
 - *inspirere fleire til å bruke sine evner og gåver i friviljug teneste*
 - *nytte systematiske verktøy i rekruttering og oppfylging*
 - *fremje gjevarteneste*
- *Kunst- og kulturuttrykk skal vere ein vital del av den lokale kyrkja ved å*
 - *la kunst- og kulturuttrykk vide ut forkynninga og opne opp eit rom for tru*
 - *fremje kyrkja sitt eige arbeid på kyrkjemusikk, kunst og kultur*
 - *utvikle samarbeidet mellom kyrkja og det lokale kunst- og kulturlivet*
- *Kyrkja er synleg i lokalsamfunnet ved å*

- møte folk der dei er i livet og skape inkluderande fellesskap
- samverke med lokale aktørar
- vere aktiv pådrivar for berekraftig utvikling


Kyrkja i Bjørgvin vil nå sine mål ved å vere:

- Open
- Synleg
- Nær

Bergen, 10. mars 2022


Vemund Atle Øiestad
bispedømerådsleiar


Halvor Nordhaug
biskop



Kortversjonen av Bjørgvin bispedøme sin strategi

II: Introduksjon til bispedømet og hovudtal

Bjørgvin bispedøme er del av det nasjonale rettssubjektet Den norske kyrkja og rapporterer til Kyrkjemøtet/Kyrkjerådet

Bjørgvin bispestol var frå fyrst av knytt til Selja, og 950 års-jubileet vart markert i 2018. Bispedømerådet har 10 medlemmer som saman med dei andre bispedømeråda utgjør Kyrkjemøtet.

Mynde og ansvarsområde for biskop og bispedømerådet følgjer mellom anna av lov om tros- og livssynssamfunn, kyrkjeordninga for Den norske kyrkja, tenesteordning for biskop, økonomi- og verksemdsinstruksen og tildelingsbrevet frå Kyrkjerådet.

Bispedømet blir leia av to organ – biskopen og bispedømerådet med felles administrasjon i Bergen.

Bispedømerådet skal ha si merksemd på alt som kan bli gjort for å vekke og nærme det kristelege livet i kyrkjelydane. Rådet skal òg fremje samarbeid mellom dei enkelte sokneråd og andre lokale arbeidsgrupper innan bispedømet. Bispedømerådet fordeler statlege tilskot til trusopplæring og særskilte stillingar innan kyrkjeleg undervisning og diakoni. Bispedømerådet kan opprette og legge ned stillingar innanfor tildelt ressursramme. Bispedømerådet tilset prostar, kyrkjelydsprestar, studentprestar og fengselsprestar. I tillegg er bispedømerådet arbeidsgjevar for dei tilsette på bispedømekontoret.

Biskopen leier prestetenesta og har tilsynsansvar med kyrkjelydane og tilsette.

Bispedømerådet og biskopen har lagt til grunn dei mål og føringar som er gitt av departementet, Kyrkjemøtet og Kyrkjerådet. Visjonsdokumentet og årsplan for Bjørgvin bispedøme ligg også til grunn for verksemd og aktivitetar.

Visjonen for Bjørgvin bispedøme er «Saman vil vi ære den treeinige Gud – ved å forkynne Kristus, byggje kyrkjelydar og fremje rettferd».

Kyrkja er ein møteplass og ein stad for engasjement. Desse områda er mest synlege:

- Gudstenester og kyrkjelege handlingar
- Dåp, trusopplæring og undervisning
- Diakoni
- Kyrkjemusikk og kultur
- Pilegrim
- Misjon

Bjørgvin bispedømeråd har som mål å ha medarbeidarar som har glede i tenesta, med gode rammer og høg kompetanse. Bjørgvin bispedømeråd ønskjer å vere ei tydeleg folkekyrkje både i byar, tettstadar og griskrendte strok av bispedømet.

I Bjørgvin bispedøme var det pr. 31. desember 2021 176 sokn med tilhøyrande sokneråd¹. Det er 43 kommunar og med det 43 kyrkjelege fellesråd. Bispedømet har nært

¹ Aurland har felles sokneråd for fire sokn som har felles statistikk, så i praksis er det 173 einingar.


samarbeid med frivillige, kristelege organisasjonar og har eit formelt samarbeid med misjonsorganisasjonane gjennom SMM (Samarbeidsråd for menighet og misjon).

I bispedømet er det 11 prosti som kvar for seg er tenesteområde for prestane. Dei andre kyrkjelege tilsette har i hovudsak fellesrådet som arbeidsgjevar.

I Bjørgvin bispedøme er det pr. 31.12.21 tilsett 155 prestar og prostar i 171,65 årsverk, av desse er 156,5 årsverk i kyrkjelydspresteteneste. Ved bispedømekontoret er det tilsett 16 personar i 16 årsverk. I tillegg til dette har to medarbeidarar på kontoret Felles økonomieining for Den norske kyrkja som arbeidsgjevar.

Bjørgvin bispedøme er geografisk samanfallande med Vestland fylke med til saman 641292 innbyggjarar. Bergen er den største byen, med 286930 innbyggjarar. Bjørgvin er mellom dei bispedøma der delen av innbyggjarar som er medlemmer av Den norske kyrkja er høgast. 70,98 prosent² er kyrkjemedlemmer i Bjørgvin mot 65 prosent i snitt for heile landet.

Organisasjonsstruktur/organisasjonskart



² Ordninga med tilhøyrande medlemmer (ikkje døypte born av medlemmer) er avvikla. Medlemmer er dei som er døypte.

2 A. Nøkkeltal for bispedømet pr. 31. desember 2021

Prosti	Sokn	Medl. (døyppte)	Inn- byggjar- tal	Med- lems- prosent	Inn- melde	Ut- melde	Endringar i medl.tal 2018-2019	Endringar i medl.tal 2019-2020	Endringar i medl.tal 2020-2021
11	176	455 250	641292	70,98%	274	1924	-0,62%	-0,59%	- 0,48%
Bergen domprosti	6	43146	325557 *	64,6%	32	314	-1,1%	-0,75	- 1,31
Fana	7	72393			52	295	0,04%***	-0,02%	0,26
Åsane	11	49735			22	228	-1,1%	-0,51%	- 0,92
Bergens- dalen	9	45042			35	258	-0,9%	-0,09%	0,05
Sunn- hordland	23	46718			59815	78,10%	24	182	-0,7%
Nord- hordland	13	29262	37611	77,80%	22	100	0,5%	-0,09%	- 0,18
Vest- hordland	10	51015	68848	74,10%	24	208	-0,1%	-0,44%	- 0,28
Hardanger og Voss	27	34286	43987	77,95%	22	97	-0,5%***	-0,63%	- 0,96
Sogn	26	23023	28990	79,42%	13	85	-0,9%	-0,83%	- 0,28
Sunnfjord	17	35945	76484 **	79,27% **	19	98	-0,8%	-0,56%**	- 0,89
Nordfjord	27	24685			11	59	-0,9%	- 0,81	

Tabellen viser talet på medlemmer (utan tilhøyrande). Kjelde: Medlemsregisteret for Den norske kyrkja.

* Samla tal for prostia i Bergen, inkl. Austevoll, Bjørnafjorden, Fusa og Osterøy

** Kinn kommune er delt mellom Sunnfjord og Nordfjord prosti, difor er innbyggjartalet slått saman

*** I 2019 vart Fusa overført frå Hardanger og Voss til Fana prosti. Korrigert for dette, var det i 2019 ein ørliten oppgang i medlemstalet i Fana, og ein redusert nedgang i Hardanger og Voss i høve til tala for 2018.

2 B. Volumtal 2017-2021

	2017	2018	2019	2020	2021
Dåpshandlingar	4448	4238	4001* (4073)	3465 3525 ***	3732** 3853 (MR)***
Døypete	4355	4107	3984	3282	3612**
Konfirmerte	5254	5215	5108	4942	4877
Kyrkjelege vigslar	885	842	748	558	595
Kyrkjelege gravferder	4190	4228	4214	4189	4247
Gudstenester totalt	8252	8375	8161	6797	7486
Gudstenestedeltakarar totalt	744375	734833	722416	320596	348364

Tal frå SSB, supplert med tal frå dei sokna som ikkje var med i førebels tal frå SSB.

* Dåpstala i Medlemsregisteret (MR) er for låge på grunn av etterregistreringar i følgje Kyrkjerådet.

** Statistikkhefte for Den norske kyrkja

*** Tal henta direkte frå medlemsregisteret for Den norske kyrkja.





















2 C. Nøkkeltal frå årsrekneskapen

	2019	2020	2021
Tal årsverk	182	184	186,6
- del av dette som er presteteneste	167,7	169,2	169,1
Samla tildeling budsjettgr. 1A 1)	152 674	150 636	157 358
Netto driftskostnadar	154 078	147 893	157 700
Del løn av driftsutgifter	90,9 %	93,4 %	89,10 %
Del løn brukt i prestetenesta 2)	83,4 %	86,0 %	79,5 %
Lønsutgifter per årsverk	772	751	819

Beløp er i heile tusen kroner. Det er berekna nye tal for 2018-2019 sidan førre årsrapport. Tal for del løn av driftsutgifter og lønsutgifter inkluderer personalkostnadar.


III: Aktivitetar og resultat i 2021

3 A. Utvalde nasjonale resultatmål – Bjørgvin

Strategiske mål			
1. Gudstenestelivet blømer	Oppslutninga om gudstenestene aukar	Gjennomsnitt søndag går ned frå 49 til 47	
	Gudstenestetilbodet vert halde oppe	Talet på gudstenester går opp frå 6802 til 7486	
	Fleire vel kyrkjeleg vigsel	Auke frå 558 til 595	
	Oppslutninga om kyrkjeleg gravferd vert halden oppe	Tal på kyrkjeleg gravferd i prosent av døde, gjekk tilbake frå 87,9 til 87,6 %	
2. Fleire søker dåp og trusopplæring	Oppslutninga om dåp vert halden oppe	Auke i talet på døypte og andel døypte av fødde i høve til 2020 aukar, men ligg under tala for 2019.	
	Auke i omfanget av trusopplæringstilbod	Snitt timetilbod i kyrkjelydane har gått opp frå 171,2 til 184,9 timar.	
	Auke i oppslutninga om trusopplæringa	Det er størst auke i oppslutning om 4 årsbok, men delen av inviterte som deltok, er stabil eller lågare enn i 2020 for fleire tiltak. I snitt er deltakinga redusert frå 52 til 50 %.	
	Oppslutninga om konfirmasjon vert halden oppe	86 % av døypte 15. åringar blir konfirmerte	
3. Kunst- og kulturuttrykk er ein del av kyrkjelivet	Vekst i talet på deltakarar på konsertar og kulturarr.	Det er auke i antall deltakarar frå 41595 til 57960.	
	Fleire opne kyrkjer	Talet på sokn med opne kyrkjer er stabil, inga endring - 83.	
4. Kyrkja engasjerer seg i samfunnet	Fleire kyrkjelydar med diakonal betening	Talet på sokn med diakonal betening er det same som i 2020: 76	
	Fleire kyrkjelydar tilbyr fellesskap til nye i Noreg	Kyrkjelydar som har integrerings-arbeid har gått ned frå 24 til 17.	
	Arbeidet med religionsdialog blir styrka	Kirkelig dialogsentar i Bjørgvin har jamn drift.	
	Kyrkja sitt digitale nærvær aukar	Talet på økter og unike brukarar på nettsidene går ned, følgjarar på facebook aukar litt.	
	Kyrkja er synleg på fleire arenaer i det offentlege rommet.	Reduksjon i ein del offentlege arrangement, men Hans Nielsen Hauge-dagar gjennomført.	
	Samarbeidet mellom kyrkje og skule blir styrka.	Tal på skulegudstenester gått ned frå 125 til 96	
5. Fleire finn sin plass i kyrkjeleg arbeid	Rekrutteringa til vigsla stillingar blir styrka	Biskopen har ordinert fire prestar	
	Fleire vert engasjerte i frivillig teneste i kyrkja	Tal på frivillige går ned frå 10005 til 9299	
	Kyrkjelege medarbeidarar trivest i jobben	Sjukefråvær 4,74 for alle tilsette. Dette er ei nedgang på 0,04 prosentpoeng frå i fjor.	
	Tilbod for unge i kyrkjelydane blir styrka	Talet på leiarkurs for 13 – 17 år går litt opp, og det har vore vekst i tilbod for aldersgruppa 18-30 år	

3 B. Mål og resultat – nøkkelindikatorar³

3.B.0 Medlemsutvikling



Medlemsprosenten har gått ned frå 71,53 % i 2020 til 70,98 % i 2021.

3.B.1 Gudstenesteliv⁴

Den norske kyrkja skal ha ei oppslutning som stadfestar karakteren av å vera folkekyrkje

Bjørgvin er det største bispedømet med 176 sokn og det bispedømet i landet som har flest gudstenester, sjølv i koronatida med 7486 gudstenester, 1700 meir enn nr to på lista. Også når det gjeld deltaking er Bjørgvin størst med 348 364, 80 000 meir enn nr to.

Det som er meir interessant er at Bjørgvin har hatt den største auken frå 2020 til 2021 og skil seg frå dei andre bispedøma. Talet på gudstenester totalt har auka med 10%, det same har Hamar og Nidaros, men det nasjonale nivået er ein auke på 5%. (Talet for søndagsgudstenester viser ein auke på 13%.) Talet på deltakarar alle dagar har gått opp med 9%, nummer to på lista er Nidaros som har ein auke på 5%, men dei fleste har nedgang og det totale nasjonale nivået er ein nedgang på 1%.

Det er også interessant å sjå på gudstenestetala i forhold til 2019 som eit slags normalnivå. Her viser tala at Bjørgvin har 8% færre gudstenester enn i 2019, mens det nasjonale nivået er 15% færre. Når det gjeld deltaking, er det ein nedgang på 52% av 2019-nivå i Bjørgvin, det nasjonale nivået er 55% nedgang.

Dette viser at ein har vore flink til å opna opp for gudstenester igjen etter stengte periodar og at folk kjem tilbake til gudstenestene. Det er vanskeleg å peika på sikre grunnar, men

³ Hovudkjelder for data i rapporten er kyrkjelydane si rapportering til Statistisk sentralbyrå (SSB), medlemsregisteret for Den norske kyrkja (MR) og ei undersøking om digital aktivitet frå kyrkjerådet.

⁴ Tala for gudstenesteliv og gudstenester (kap. 3.B.1.1.) er oppdaterte etter at SSB offentleggjorde sine mellombelse tal 15.03.22

prostane viser i år samtalar til to forhold: tilsette som sto på og snudde seg rundt etter som restriksjonane endra seg og at ein hadde fleire dåpsgudstenester.

3.B.1.1 Gudstenester

Strategisk mål: Gudstenestelivet blømer

Resultatmål 1: Vekst i talet på deltakarar per gudsteneste

Indikator 1a: Gudstenestedeltaking

Som tabellen viser, avviker Bjørgvin frå den nasjonale trenden for gudsteneste under andre året av koronapandemien, det gjeld både på søndagsgudstenester og alle gudstenester. Noko av forklaringa er truleg at mange har halde fram med dåpsgudstenester med deltaking berre frå dåpsfamiliane også i dei periodane då kyrkjene har vore opne og at fleire av dei som utsette dåp og selskap no møter fram.

	Gudstenester på søn- og helgedagar (alle sokn)			Deltakarar på søn- og helgedagar			Gj.snittstal deltakarar		
	2020	2021	Endring	2020	2021	Endring	2020	2021	Endring
Bjørgvin (Landet)	5399	6082	+13 % (+5%)	265805	284141	+7 % (-2 %)	49	47	-5 % (-8 %)
	Alle gudstenester (alle sokn)			Deltakarar alle gudst			Gj.snitt deltakarar		
	2020	2021	Endring	2020	2021	Endring	2020	2021	Endring
Bjørgvin (Landet)	6802	7486	+10 % (+5%)	320 675	348 364	+9 % (-1%)	47	47	-1 % (-6%)

Gudstenestetala er høgare enn i SSB sin førebels statistikk fordi ein har ført inn dei manglande sokna manuelt.

Det har vore ein jamn nedgang i gjennomsnittleg deltakartal dei siste åra og stor nedgang dei to siste åra. Likevel er gjennomsnittstalet på 46,7 på fysiske søndagsgudstenester relativt høgt i og med at det delar av året var ei grense på 10, 20 eller 50 og det var mange dåpsgudstenester med færre deltakarar.

	1998	2008	2015	2016*	2017	2018	2019	2020	2021
Gjennomsnitt søndag	103,5	100,1	98,6	96,3	92,6	91,0	90,2	49,3	46,7
Gjennomsnitt alle gudstenester	97,4	89,8	92,5	93,1	90,2	87,8	88,4	47,2	46,5

*korrigert for feil tal i Olsvik i 2016, så det er høgare enn SSB-talet

Nettbaserte gudstenester og deltaking frå den digitale kyrkjebenken

Færre nettbaserte gudstenester, men med fleire deltakarar enn på fysiske gudstenester

SSB-tala viser at 47 kyrkjelydar rapporterer at dei har hatt nettbaserte gudstenester som ikkje var fysisk opne, til saman 306, men ikkje alle desse rapporterer noko deltakartal. Dette er ein nedgang frå 2020, då 67 kyrkjelydar hadde til saman 502 nettbaserte gudstenester (Rambøll-tal). 32 rapporterer at dei har digitale gudstenestedeltakarar som ikkje er rapportert andre stader, dette er både deltakarar på strøyma gudstenester og reine digitale sendingar, til saman 57 789 deltakarar. Kor mange av desse kyrkjelydane som strøymar gudstenester fast er vanskeleg å seia. Det ekstra rapporteringsskjemaet som kyrkjerådet sende ut hadde ein svarprosent på 38 og det er for lite til å dra konklusjonar. Det var berre fire kyrkjelydar som rapporterte på skjemaet at dei hadde hatt nettbaserte gudstenester i november. Vi veit om fleire som strøymar regelmessig, men kan ikkje gje eit nøyaktig samla tal.

Det er ikkje mogeleg å dra nokon konklusjon om gjennomsnittleg deltaking fordi SSB-tala ikkje gjer det mogeleg å identifisera strøymde gudstenester slik Rambøll-tala gjorde i 2020. Difor må ein dukka ned i tala og sjå på eit sokn som eit døme: Strusshamn sokn på Askøy hadde 4336 deltakarar på 62 fysiske gudstenester i 2021, gjennomsnitt 70. Gjennom året har dei fleste gudstenestene blitt strøyma og saman med reine nettbaserte gudstenester har ein registrert 68 gudstenester sendt på nettet med 16240 deltakande skjermar, gjennomsnitt 239 dersom ein berre reknar med ein person bak kvar skjerm, altså fire gonger så mange digitalt som fysisk. Tilbakemeldingar gjer at ein kan rekna med at det ofte er fleire som deltar når familien har gudsteneste på skjerm, så det reelle talet er nok høgare. Stikkprøver som er gjort på desse strøyma gudstenestene i Strusshamn våren 2021 viser at deltakartalet som følgde direktesendinga held seg stabilt gjennom gudstenesta. Dette er ikkje uventa fordi dei som klikkar seg inn på ei gudsteneste veit kva dei får og blir verande. Talet på digitale deltakarar tilsvarar eller ligg litt over talet på faste kyrkjegjengarar. Men dette er berre dei som ser direkte, når gudstenester ligg ute resten av søndagen viser det seg at det ofte er minst dobbelt så mange som er innom, det forklarar det høge deltakartalet.

Dette tyder på at strøyma gudstenester når ut til dei faste kyrkjegjengarane, det som i medlemsundersøkinga for Den norske kyrkja blir kalla «den grønne gruppa». Dette er positivt fordi det er med på å ta vare på dei faste ved å gje dei høve til å delta i si lokale kyrkje og det vil truleg vera denne gruppa som fyrst kjem tilbake til fysiske gudstenester. I tala ser ein også ein tendens til høgare deltakartal på spesielle gudstenester som julegudstenesta. Av dei som har rapportert gudstenester i november er det i snitt 132 digitale deltakarar, og av dei som rapporterte for desember, er det i snitt 385 digitale deltakarar. Dette kan tolkast som at ein når ut til den gule gruppa, som ikkje er så ofte på fysiske gudstenester. Dette tyder på at strøyma gudstenester og digitale opptak senker terskelen for å delta på gudsteneste, og det er lettare å sjå på heimanfrå og eventuelt på dei delane ein er interessert i ved opptak. Dette viser at digitale gudstenester er ein eigen arena og ikkje må tenkast som korkje eit supplement eller eit surrogat, men ein eigen arena for å vera kyrkje ved at ein tar kyrkja inn i heimen.

Frå ekstraordinære løysingar i nedstenging til faste nettsendingar

I 2021 vart det rapportert om lågare aktivitet på nettbaserte gudstenester enn i det fyrste pandemiåret (336 i SSB-tala, 506 i Rambøll-tala for strøyma gudstenester i 2020). Dette samsvarar med inntrykket frå prostane sine årsmeldingar der dei forklarar lågare aktivitet med at nedstengingane kom bråare på før påske og jul og det var dårlegare tid til å få til noko, i tillegg var mange tilsette trøtte av omstillingar og den fyrste entusiasmen var slokna.

Samtalane med prostane avdekkjer fire ulike måtar å forhalda seg til nettbaserte gudstenester på:

- Dei som såg på nettbaserte gudstenester som ei naudløysing under den fyrste nedstenginga i 2020 og ikkje bygde opp kompetanse i staben eller kyrkjelyden, men måtte leiga inn hjelp til sending og /eller det tekniske hadde i mindre grad nettbaserte tilbod i 2021.
- Dei som fann stabile samarbeidspartnarar utanfor kyrkjelyden fekk til eit fruktbart samarbeid. Eit døme er Luster kyrkjelyd i Sogn prosti som samarbeider med nærradioen Radio Luster om både ordinære radioprogram med vikarpresten og ved at nærradioen hjelper til teknisk og sender høgtidsgudstenester og andaktar på si heimeside.
- Dei som har bygd opp kompetanse i staben og innarbeidde gode rutinar for strøyming. Eit døme er Fitjar i Sunnhordland prosti der kantor har vore ei drivande kraft og har bygd opp teknisk utstyr med fastmonterte kamera og styringspult som kan betenast frå orgelgalleriet. Dette har fungert godt under heile pandemien, men det er avhengig av ein tilsett, og det er sårbart. Der prestar har vore drivkraft ser ein at det ofte har falle saman når det kom vikarar.
- Den kyrkjelyden som har klart best å forankra det både i stab og kyrkjelyd er Strusshamn på Askøy i Vesthordland prosti. Der er det og tilsette som har drive fram satsinga, men ein har knytt til seg ei gruppe frivillige med både vaksne med relevant jobberfaring og tidlegare konfirmantar slik at ein er fleire om oppgåvene og skapar eit miljø. Dei har og laga ei mediagruppe for konfirmantar der dei er med og får opplæring i produksjonen og som kamerafolk. Strusshamn sender så og seia kvar søndag og 200-300 følgjer sendingane. Sendingane har høgt teknisk nivå, det er opptil fem kamera og dei sender direkte til Vimeo, YouTube og Facebook.

Det ser ut som haldninga til nettbaserte gudstenester blant kyrkjeleg tilsette er ulik i desse gruppene. Der den fyrste gruppa vil omtala dette som ei naudløysing eller surrogat til "ekte" gudstenestedeltaking, og difor ikkje vil ha eit digitalt tilbod som konkurrerer med fysiske gudstenester, har dei tre siste gruppene sett dette som ein arena for ekte gudstenesteliv der dei når ut med evangeliet og legg til rette for deltaking.

Vurdering av nok eit år med nettbaserte gudstenester

Erfaring frå andre året med pandemi styrker dei konklusjonane som kom fram i årsrapporten i 2020.

- Nettbaserte gudstenester er ein måte å vera kyrkje på og å delta i gudstenesta på, det er ein ny arena og ikkje eit surrogat
- Digitale gudstenester når fleire enn fysiske gudstenester og dei når fleire i yngre generasjonar
- Folk ynskjer lokale nettgudstenester heller enn nasjonale produksjonar
- Den digitale arena opnar for eit breiare tilbod enn berre tradisjonelle gudstenester

I tillegg kan ein no vurdera den digitale satsinga som har skjedd over tid:

Vår vurdering er at dei kyrkjelydar som gjer dette til ein normal del av kyrkjelyden sitt liv ved å inkludera frivillige i strøyming, får ein gevinst både ved å opna opp for ein ny type frivillig teneste og ved å nå lenger ut i lokalsamfunnet.

Det er ingenting i statistikken som tyder på at dei som sender på nettet har hatt lågare gudstenesteoppslutning enn andre kyrkjelydar fordi fleire heller sit heime. Tvert om, det at

folk kan halda kontakten med sin lokale kyrkjelyd gjennom nettgudstenester eller preikepodkastar eller andre nettilbod er med å markera søndag som gudstenestedag og aukar sannsynlegvis sjansen for at dei møter opp fysisk igjen.

Alle som sender gudstenester eller preiker på nettet får gode tilbakemeldingar frå kyrkjefolk. Men der dei strøymer gudstenester fast ser ein at det når langt ut over den gruppa som før pandemien gjekk fast til gudsteneste. Under visitasen i Fitjar i desember 2021, sa helse- og sosialsjefen at dei faste søndagssendingane betydde mykje for eldre, men òg for einsame og folk som av helsemessige grunnar, til dømes sosial angst, ikkje kom seg ut. Når ein vurderer verdien av nettbaserte gudstenester, er det eit poeng at ein tar med den ofte usynlege, men viktige diakonale inkluderande funksjonen desse gudstenestene har, ved sida av at ein legg til rette for deltaking og styrking av det åndelege livet.

Konklusjonen er at det er viktig at ein styrkar kyrkje sitt digitale nærvær i samfunnet og styrker kyrkjelydane og dei tilsette med kompetanse og strategiske tenking.

Nattverd

	2016	2017	2018	2019	2020	2021
Gudstenester med nattverd	4417	4388	4485	4474	2384	2925
Nattverdsdeltakarar	159950	158303	157086	157020	70309	72590
Gj.snitt nattverddeltaking	36,2	36,1	35,0	35,1	29,5	24,8

Både talet på nattverdsgudstenester og nattverddeltakarar er høgare enn i 2020, noko som underbygger teorien om at auken i gudstenestetalet ikkje berre skuldast auka dåpsopplutning, men og at dei kyrkjevante som er flittigare nattverdgjestar er på veg tilbake. Men ein ser òg ein tendens til at den eldre generasjon som er flittigast nattverddeltakarar har halde seg unna gudstenester på grunn av smittefare.


Resultatmål: Gudstenestetilbodet vert halde oppe

Indikator 2: Gudstenestefrekvens søn- og helgedagar

	2016	2017	2018	2019 ⁵	2020	2021	Endring i prosent 2020-2021
Tal gudstenester søndag	6484	6446	6419	6356	5394	6082	+13 %
Gudstenester andre dagar	1878	1806	1956	1804	1403	1404	-0 %
Gudstenester Totalt	8362	8252	8375	8160	6797	7486	+10 %

Etter at talet på fysiske gudstenester gjekk ned med 17 prosent frå 2019 til 2020 er det gledeleg at ein no ser 10% auke slik at ein berre ligg 8% under nivået for 2019. Dette tyder på at ein har klart å halde oppe gudstenestefrekvensen i dei periodane det ikkje var nedstenging.

⁵ Tala for 2019 er justert i forhold til offisielle tal frå SSB/NSD, det viser seg at dei førebeltala som vart bruka tidlegare år alle er lågare enn det endelege talet.



3.B.1.2 Vigsler

Resultatmål: Fleire vel kyrkjelege vigsler

Indikator 3: Talet på kyrkjelege vigsler

	2014	2015	2016	2017	2018	2019	2020	2021
Tal kyrkjelege vigsler	967	1033	900	882	847	748	558	595

Talet på vigsler har gått opp med 7% frå 2020 til 2021 etter ein markert nedgang på 25% frå 2019 til 2020. Prostane melder at bak desse tala ligg mange som utsette vigselen fordi koronarestriksjonane gjorde det vanskeleg å ha den bryllaupsfesten dei hadde planlagt og at sjølv om det var større opning sommaren 2021 enn i 2020 var det mange som syntest det vart for usikkert å planlegga bryllaupsfest.

3.B.1.3 Gravferder

Resultatmål: Oppslutninga om kyrkjeleg gravferd vert halden oppe

Indikator 4: Del kyrkjelege gravferder av talet på døde

	2015	2016	2017	2018	2019	2020	2021
Tal kyrkjelege gravferder	4400	4263	4185	4258	4214	4189	4247
Prosent kyrkjeleg graferd av døde	91,8	88,6	90,2	90,1	90,9	87,9	87,6

Talet på kyrkjelege gravferder er stabilt, 1,3% høgare i 2021 enn i 2020, men andelen som vel kyrkjeleg gravferd har marginalt ned om 0,3 prosentpoeng (det var registrert 4850 dødsfall). Det er i år også registrert frammøte ved gravferd, 214 386 i Bjørgvin. Dette gjev eit snitt på 50 per gravferd og det har vore det tillatne talet på deltakarar under koronarestriksjonane. Dette viser at oppslutninga om gravferd var så stor som det gjekk an. Ein veit òg at mange som ville, ikkje fekk delta i kyrkje eller kapell, men fekk delta ved at mange gravferder vart strøyma på gravferdsbyrå sine sider.

3.B.1.4. Samisk språk i gudstenester

Resultatmål : Fleire kyrkjelydar inkluderer samisk språk i gudstenestelivet

Indikator 5: Tal på kyrkjelydar som inkluderer samisk språk i lokal gudstenesteordning

Ingen kyrkjelydar i Bjørgvin har med samisk i den lokale gudstenesteordninga.

I 2021 var det åtte sokn som rapporterte om gudstenester med samiske innslag (294 deltakarar) mot tre i 2020, ni i 2019, seks i 2018, tre i 2017 og fire i 2016.

Aktiviteten er avhengig av lokalt initiativ der det er folk med samisk tilknytning. Ein aktiv kyrkjelyd er Voss der prostens tidlegare var prost i Indre Finnmark prosti og kan ha gudsteneste på nordsamisk. På grunn av nedstenginga var det i 2021 ikkje gudsteneste 6. februar, slik som året før då ein samla 30 og kyrkjeakademiet hadde temasamling om utviklinga av Sametinget, men dagen vart markert med at ein heiste det samiske flagget og song den samisk nasjonalsongen framfor Heradshuset på Voss.

I Bergen er det ein samisk kyrkjekomiteé. Den årlege samiske gudstenesta i Mariakirken i Bergen domkirke menighet 19. desember ved nordsamisk prest frå Nord-Hålogaland, vart gjennomført med seks deltakarar, men det var ikkje ei sosial samling eller kyrkjekaffi på grunn av reiserestriksjonar under koronapandemien. For fyrste gong var det med ein kyrkjemusikar med samisk bakgrunn og gudstenesta vart avslutta med postludium med joik.

3.B.2 Dåp og trusopplæring

Strategisk mål: Fleire søker dåp og trusopplæring

3.B.2.1. Dåp

Resultatmål 1: Oppslutninga om dåp vert halden oppe

Dåp	2016	2017	2018	2019	2020	2021
Dåpstal	4809	4448	4238	3984	3282	3612
Dåpskull/fødde			6864	6745	6488	6749
Døypte av fødde			60%	59%	51%	54%

Vi ser ein tydeleg auke i tal på dåp frå 2020 til 2021, men vi er ikkje oppe på nivå med 2019 og tidlegare. Fødselskullet var mindre i 2020. Det er tre prosentpoeng oppgang i dåpsprosenten frå 2020 til 2021, men vi ligg 5-6 prosentpoeng under tala frå 2018 og 2019.

I årssamtalene i trusopplæringa er det tydeleg at det er høgt medvit mellom medarbeidarane om at dåpen er grunnlaget for arbeidet i kyrkja, og at ein ikkje kan kvile i at dåpen er eit sjølv sagt val lenger. Ein følge av den generelle sekulariseringa er at ein del foreldre tenkjer at borna skal få velje sjølv og dei vel vekk barnedåpen. For andre har praktiske grunnar hindra dåp, og då har det vore viktig korleis kyrkja har lagt til rette og invitert til mindre dåpsgudstenester, og familiemarkering på ein annan måte. Drop in-dåp har òg opna rommet for menneske som av ulike grunnar ikkje har blitt døypte, men har eit ønske om dette. Å slik legge til rette for lågare tersklar for dåp er eit viktig grep for å nå nokon av dei som elles ikkje vel å døype seg eller borna sine. I kva grad dette bør føre til varig endring i kyrkja sin dåpspraksis, er ein viktig diskusjon, men det bør i alle fall vere viktige supplement.

Frå årsrapportane i trusopplæringa og frå prostesamtalane vert det meldt om at mange dåpsfamiliar gjev gode tilbakemeldingar på eigne dåpsgudstenester, og at seremonien blir personleg og intim. I denne tida har det vore mykje tilrettelegging av samtaler og dåpsgudstenester, med godt resultat, men det har kravd ekstra arbeidsinnsats. Difor er det viktig å finne berekraftige modellar for dåpsatsing. Til dømes kan lørdagsdåp skje på omgang. Kveldsgudstenester og kvardagsmesser kan og være noko som i større grad vært utvikla felles enn det som skjer i dag. Aksjon dåp i Bergen er eit godt eksempel på slike forsøk på å samle merksemd og dele på ressursar.

Aksjon Dåp i Bergen

Bispedømet har i samarbeid med Bergen kyrkjelege fellesråd hatt ei satsing på dåpskampanje i siste del av 2021. Bispedømet hadde eit dåpsprosjekt med kinoreklame som satsing i 2020, men først i 2021 fekk vi til ei felles satsing med prostia og fellesrådet om dette i Bergen. Den felles arbeidsgruppa landa på at ein skulle gje tilbod om drop in-dåp to helger hausten 2021 i alle prostia. Det var avgjerande å forankra dette i kyrkjelydane, difor hadde ein eigne konvent for tilsette i prostia med ei påfølgjande samling for sokneråd/friviljuge. Bispedømet gjekk tungt inn med midlar til ein reklamefilm for dåp som skulle gå på kino. I tillegg ein film som gjekk på sosiale medium og anna materiell. Bispedømet var og inne med rådgjevingskompetanse.

Det var 48 som vart døypte dei to helgene. Aksjonen fekk god pressedekning og 94.000 såg filmen på Bergen kino og den fekk også god merksemd. Det vart annonsert på nettavisa til Bergens Tidene. Den fekk 500 klikk i oktober og noko mindre i november. Ei interessant tilbakemelding frå fleire av familiane til dei døypte var at dei sjølve ikkje hadde sett filmen eller kampanjen, men andre hadde sett den og fortalt om det til dei. Ei anna tilbakemelding var at det ved visning av kinofilmen blei overhøyrtd samtalar mellom born og føresette i kinosalen om: Kva er dåp for noko?

Vår eigen vurdering av aksjonen er at det viktigaste ein oppnådde var å skape merksemd om dåpen. Drop in-dåp med konkret datoar og reklame gjorde dåp synleg i media og i målgruppa. Vi vil fylgje opp aksjonen med å dela erfaringane med dei andre prostia. Samarbeidspartnarane var òg positive, og vi vil vidare utvikle samarbeidet med Bergen kino, mellom anna om å ha aksjon rundt andre områder, til dømes konfirmasjon.



Filmen om dåp hadde mange sjåarar, både på kino og på nettet.

3.B.2.2. Trusopplæring

Resultatmål 2: Oppslutninga om trusopplæringstiltaka er stabil

Indikator 2a: Opplæringstilbod i timar (snitt)

	2017	2018	2019	2020	2021
Tilbod timar	214,2	223,3	216,3	171,2	184,9

I 2021 er det blitt gjennomført fleire timar enn i 2020, men ein er førebels ikkje tilbake til det nivået ein låg på før 2019. Det har vore mindre nedstengt enn det var våren 2020, men likevel er det mykje som ikkje kunne gjennomførast. Det har kravd meir av kyrkjelydane å gjennomføre tiltak sidan ein har måtta spesialtilpassa ein del av aktiviteten i mindre grupper. Årsrapportane frå trusopplæringa viser at det kan ligge meir arbeid bak kvar opplæringstime enn i eit «normalt» år sidan ein har måtta ha fleire samlingar fordi ein av smittevernomsyn ikkje kunne samle alle på ei samling, til dømes ha to samlingar for Tårnagentar i staden for ein.

Indikator 2b: Deltakardel i utvalde landsomfattande breiddetiltak

Målgruppe er døypte i den aktuelle alderen som bur i sokn som hadde tilbod for aldersgruppa i 2021

	Dåps- samtale	4 års- bok	6 års	Tårn- agent	Lys vaken	Konfir- masjon	Året etter konf.	Samla på desse tiltaka
Døypte i mål- gruppe 2021 (inviterte)	3640	3913	4139	3535	3463	5635	2843	27168
Deltakarar 2021	3709	1744	1206	913	753	4850	291	13466
Prosent 2021 av inviterte	102	45	29	26	22	86	10	50
Prosent 2020	98	39	28	26	23	86	14	52
Prosent 2019	103	42	30	29	25	87	8	48
Prosent 2018	101	48	31	25	26	88	9	48
Prosent 2017	101	48	30	25	27	90	12	49

Indikator 2c: Oppmøte i utvalde landsomfattande breiddetiltak

	Dåps- samtale	4 års	6 års	Tårn- agent	Lys Vaken	Konfima- sjon	Etter konf	Totalt
2021	3709	1744	1206	913	753	4850	291	13466
2020	3191	1608	1013	819	413	4942	254	12240
Endring 20-21	518	136	193	94	340	-92	37	1226
Prosentvis endring 20-21	16,2%	8,5%	19,1%	11,5%	82,3%	-1,86%	14,6%	10,0%

Vi ser ein klar oppgang i oppmøtetel frå 2020 til 2021, men vi er ikkje tilbake til der vi var i 2019. For konfirmasjon er det ein reduksjon. Det samla prosenttalet er gått opp på dei fleste tiltaka, men LysVaken og tiltak etter konfirmanttida har vore vanskeleg å gjennomføre og har fått ein prosentnedgang (men auke i oppmøte). Samla prosenttal har gått ned frå i fjor, men

opp frå tidlegare år. Ein har invitert mange fleire i 2021 enn i 2020, men litt lågare prosent av inviterte kom.

Den viktigaste kunnskapen om korleis kyrkja sitt trusopplæringsprosjekt artar seg i praksis er henta frå tekstfelte i einingane sine rapporteringar, innspel frå tilsette og ikkje minst frå årsrapportsamtalene.

Året 2021 har som 2020 vore prega av unnatak og endring, det har gitt utfordringar, men også gleder. Samling i mindre grupper har gjort tiltaka nærare, og ein del tvungen kreativitet og nytenking har ført til betre tiltak. Men det er også meldt om færre deltakarar pga. mykje smitte i tida for tiltaket og at påmeldte har meldt seg av pga sjukdom. Det har vore vanskelegare å få folk til å ta del pga. redsel for smitte. Og så har ein fått mindre nærleik til barna når ein må halde avstand.

Babysong

Vi har inntrykk av at babysong i ulike former har vore eitt av dei tiltaka som ein faktisk har kunna gjennomføra i 2021. Vi har høyrte om sokn som i staden for å avlysa, hadde fleire samlingar med færre deltakarar, og dermed mindre smitterisiko. Sokneråda sin statistikk på dette feltet har ein særskild kvalitet, men vi reknar med at talet på sokn som rapporterer om dei har babysong, trilletreff og andre kor for aldersgruppa 0-5 år, eller ikkje, er nokolunde korrekt. 99 sokn hadde slike tiltak i 2021, mot 111 i 2020.

4-åringar

Tilbodet for 4-åringar fungerer bra mange stader. Det blir meldt om litt utfordring der ein har to samlingar til dømes både laurdag/kveld på vekedag og søndag, at det er ein del som berre kjem på den eine samlinga. Det kan også vere utfordringar der gudstenesta i liten grad er tilpassa fireåringar. Generelt har ein måtta tilpassa opplegga, men ein opplever likevel å ha lukkast.

- *Pga. korona var tiltaket forenklet til det ekstreme; åpent kirkerom i gudstjeneste-tid, kl. 11-12, med utdeling av 4 års-bok til dem som kom (kantor spilte påskesalmer på flygelet). Én og én kohort kom inn i kirkerommet om gangen og fikk med seg bok, litt sjokolade og en hyggelig prat/hilsen (Kinn).*

6-åringar

Opplegg for 6-åringar slit litt med forma og tidspunkt for samling ein del stader. 6-årstiltaka er ofte mindre "robuste" enn 4-årstiltak. Ein del har bokutdeling og opplegg som liknar på 4-årstiltak, men andre har meir fokus på skulestart. Skulestart-samlingar har funne ei god form enkelte stader, men andre strevar meir med korleis ein skal lukkast.

- *Dette må vi gjøre oftere, utearrangement og løype for hele familien med ulike varianter.*
- *En veldig fin og barnevennlig gudstjeneste, der barna medvirket og viste glede ved det. Foresatte tilbagemeldte også dette, at det var så fint at gudstjenesten var så barnevennlig, og satte 6-åringene så mye i fokus, ved at de fikk komme frem og medvirke på ulike måter. Også etterpå, under kirkekaffien, var det barne- og familievennlige aktiviteter og leker.*

Tårnagentar

Einingar melder om at ein har korta inn tårnagenthelgene, kutta frå to dagar til ein dag, ikkje invitert to kull men eitt, at ein har delt i kohortar, og at ein har delt opp slik at ein har det fleire gonger med færre folk ved kvar samling.

- *Helgen ble utsatt mange ganger pga pandemien. Til slutt valgte vi å ta det en ettermiddag rett etter skolen. Det kan også vere fint på andre tiltak.*
- *Kjekt med hjelp fra årets konfirmanter. De er til god hjelp, både praktisk hjelp og sosialt mtp leik for borna etc. Kjekk ting å gjøre sammen, både prest, diakon og trusopplærer :)*

Lys vaken

Det har vore litt meir krevjande å gjennomføre Lys vaken enn andre ting i 2021. Det har med tidspunktet det er vanleg å arrangerer Lys vaken på, smittepress, og det å få frivillige og deltakarar i ei usikker tid. Mange droppa overnatting, og kutta på lengda.

- *Lågare oppslutning enn tidlegare. Dels pga bursdagselskap i ein av klassane, dels på grunn av endra opplegg utan overnatting pga korona og smittevernomsyn.*
- *Fekk god tilbakemelding på å ha det fra fredag til lørdag.*

Etter konfirmasjon

Kategorien «etter konfirmasjon» dekker ganske ulike tiltak som leiropplæring, reunion, lågterskel-samlingar, markering av at ein blir myndig og å få tilbake eit brev ein skreiv i konfirmanttida, Ung Messe osv. Generelt er det krevjande å finne ei god form på tiltak etter konfirmanttida som lukkast over tid. Leiarkurs har fått ein knekk dei siste åra fordi ein ikkje har fått vere så tett på konfirmantane. Det som har lukkast fleire stader er enkle og lite ambisiøse opplegg med mat (taco, pizza) og sosialt siktemål.

- *MILK-deltakarane hadde leiaroppgåver på trusopplæringstiltak for barn, mellom anna Tårnagenthelg, Lys Vaken og Tweensklubb. Det fungerte veldig godt for ungdommane, og fungerte veldig godt for ansvarlege for tiltak å ha desse unge medarbeidarane med. Dei gjorde ein svært god jobb.*

Om utvikling og læring i kyrkjeleg undervising og læring i Bjørgvin.

Vi nyttar systematiske samtalar ved årsrapportsamtalene for å identifisere gleder og hindringar, ting som lukkast og ting som ein må arbeide meir med. Vi nytta tre spørsmål deltakarane arbeidde med individuelt, i grupper og i plenum. Først var det å dele gleder – det handlar om å dele engasjement, gode erfaringar og metodar. Så ønska vi å fokusere på hindringar for arbeidet. Å avsløre kva som er vanskeleg eller ikkje fungerer, er med på å lufter ut, sjå at ein ikkje står aleine om erfaringa, eller å få del i andre sine løysingar på problemet. Ein identifiserer slik kritiske suksessfaktorar eller risikofaktorar - kva som hemmar eller fremmar arbeidet. Det tredje spørsmålet var å finne dei gode prinsippa eller metodane for å lukkast med eit trusopplæringstiltak, ting som kjenneteiknar tiltak som lukkast og gir glede og kva som kan gjerast for å unngå risiko og hindringar. Prinsipp er grunnleggjande ting som i utgangspunktet skal kunne fungere alle stader, medan metodar ofte er tilpassa den lokale konteksten og vanskelegare å overføre til ein annan stad. Vi hadde fire samlingar med om lag 35 gode innspel til prinsipp eller metode på kvar samling.

Mange nemnde gleda ved periodar då ein fekk sjans til å gjennomføre tiltak på tross av situasjonen. Ei av dei største utfordringane er alt det usikre: Når ein ut med informasjonen, kolliderer aktiviteten med noko anna, vil folk komme, er det trygt?

3.B.2.3 Konfirmasjon

Resultatmål 3: Oppslutninga om konfirmasjon vert halden oppe

Indikator 3: Del confirmerte av døypte 15-åringar ⁶

Konfirmerte av døypte 15-åringar	2016	2017	2018	2019	2020	2021
	92 %	89 %	90 %	87 %	86 %	86%

Vi såg ikkje så stor nedgang frå 2019 til 2020 sidan konfirmantane vart rekrutterte i god tid før nedstenginga. No har det vore eit par år med unntakstilstand, men delen confirmerte av døypte 15. åringar held seg stabil. Vi sa i årsmeldinga i fjor at det er grunn for å følge med på konfirmasjonstalet fordi det er vanskelegare å få ut informasjon til potensielle konfirmantar no enn for nokre få år sidan. Det blir meldt om konkurranse frå humanistisk konfirmasjon, men også at aktive kristne ungdommar vel konfirmasjonsopplegg frå organisasjonar og frikyrkjer, til dømes som TenTro i Nordhordland som er ein reell konkurrent til kyrkja si konfirmasjonsundervisning.

Mange melder om at det var vanskeleg å skaffe leiarar i 2021, og mange fortel om endringar i konfirmasjonsleirane. Nokon måtte avlyse, andre gjorde om til bu heime-leir. Det er meldt om litt ulik erfaring frå digital undervisning, at det kunne bli litt skuleprega og kravde ein del ekstra oppfølging. Os kyrkjelyd i Fana prosti fortel slik positiv erfaringa frå digital opplæring:

“Vi opplevde... at konfirmantene leverte inn gjennomtenkte svar fra KonfLogg-boka. Det ble mer synlig for oss at kristne tema betyr mer for flere enn vi tror. Det ble også mer synlig for oss på hvilken måte konfirmantene tenker om kristendommen, tro og tvil, Jesus og andre tema”.

2021 vart også eit år prega av endra opplegg, kohortar, avstand, mindre leik og moro, og mindre fysisk oppmøte. Likevel blir det meldt at kyrkjelydane har fått gjennomført gode konfirmasjonsopplegg og at konfirmasjonen ikkje er svekka som ei av dei store markeringane i kyrkjeleg samanheng. Framleis er det vanleg å confirmere seg i Noreg. Spørsmålet er meir om kvar ein skal confirmere seg enn om ein skal. Eit spørsmål framover er: *Kvifor skal ein confirmera seg i kyrkja?* Kyrkja må arbeide strategisk og målbevisst framover med å svare på dette spørsmålet på ein måte som kommuniserer med ungdommane.

Strategiske fellestiltak frå bispedømet

“Saman på hjul” vart starta i januar 2021 som eit svar på at mange tilsette i kyrkja fortalde om at dei var rådlause og slitne etter første året med pandemi og mange avlysingar for konfirmantkulla. Tidlegare år har bispedømet arrangert stor-leir for konfirmantar. “Saman konfirmantleir” samla om lag 500-600 konfirmantar frå Bjørgvin i 2018 og 2019. Då leiren vart avlyst i 2020 måtte ein endra strategi for å nå same mål om å styrka konfirmantarbeidet. Resultatet vart “Saman på hjul”, eit tilbod om å få besøk av eit team med unge musikarar, danseleiarar, aktivitetssinnhold, kreativ undervisning og taler frå «farmen-presten» Thor Haavik.

Alle kyrkjelydar i bispedømet fekk tilbod besøk av “Saman-teamet”. Målet var å inspirere og gje påfyll både til konfirmantar og til alle som er involvert i konfirmantarbeidet lokalt, og å bygga ein kyrkjeleg identitet gjennom å synleggjera kyrkja i dei lokale ungdomsmiljøa saman

⁶ Tala for confirmerte er oppdaterte etter at SSB offentleggjorde sine mellombelse tal 15.03.22

med tilsette, frivillige og samarbeidsorganisasjonar som er med på plattforma «Kirkens unge».

Frå juni til november 2021 har teamet vitja kyrkjelydar i alle prosti. 2300 konfirmantar har delteke på eit opplegg som varer fire timar. Dei fekk oppleve eit opningsshow med songar, salmar, innøving av "Vår Far i himmelen", tale frå Thor Haavik og inspirasjon om fasteaksjonen. Vi gjennomførte «Hinder for rettferd» (frå Kirkens nødhjelp) og andre aktivitetar utandørs, det vart servert mat før vi avslutta konfirmantdagen med ungdomsgudsteneste. Stort sett har vi nytta lokale kyrkjer og uteområda rundt kyrkja. Saman-teamet har etablert kontakt med mange tilsette og har særskilt følgt opp nokre prosti. Kapellan Thor Haavik har i tillegg besøkt nokre kyrkjelydar åleine, og totalt har han møtt 3000 konfirmantar i Bjørgvin bispedøme i 2021.

Andre tiltak for å styrke konfirmantarbeidet og ungdomsarbeidet

Vi har også prøvd ut fleire modellar for å imøtekomma sokn med få tilsette eller vakante stillingar. Alle dei fire modellane nedanfor vart evaluerte som sær gode lokalt.

"Nesholmen modellen" - leir saman med soknet: Dette vart etablert som dagsleir på Nesholmen leirstad for konfirmantar frå Florø. Eit litt mindre Saman-team sørger for allsidig undervisning og musikk og KRIK sørger for eit rikt tilbod av aktivitetar. Soknet sytte for logistikk og matservering og ein undervisningsbolk.

"Eid-modellen" – konfirmanthapping saman med organisasjon: Alle konfirmantane (350) frå Nordfjord prosti var samla i Operahuset i Eid ein heil dag. Saman-teamet stod for sceneshow i samarbeid med KFUK-KFUM som stod for alle tilbod om seminar, logistikk og servering.

"Bømlo-modellen" – inspirasjonsamling for både kyrkjelyd og konfirmantar: Då "Saman på hjul" vitja Bømlo inviterte Bremnes kyrkje til inspirasjonssamling i kyrkja etter at konfirmantane hadde hatt si samling med teamet. Thor Haavik talte om "å setja spor" og teamet gav musikalske innslag. Samanteamet blei ein ressurs både for årskonfirmanter og det nye kullet, i tillegg til at 200 frå soknet fekk høyra eit inspirerende innlegg på kvelden med Thor. Teamet var på Bømlo i to dagar.

"Ullensvang-modellen" – hjelp over tid til å bygga opp lokalt arbeid: Saman-teamet vitja Ullensvang fellestråd sine konfirmantar i august 21. I etterkant har rådgjevar for ungdom vore i tett dialog om korleis dei kan styrke sin satsing på ungdom. Det har gjeve resultat i opning av klubb for ungdom to dagar i veka. Hausten 21 har klubben vore open fire gongar og ungdom i Odda har fått eit tilbod som har vore naudsynt lenge. Samanteamet kjem attende i mars 22 for å styrke arbeidet ytterlegare.

Bispedømet si strategiske satsing på å gje inspirasjon og styrka lokalt arbeid, byrjar å spire. Vi har tru på at å tenkja langsiktig og prøva ulike modellar, kan gje gode resultat lokalt.

3.B.3 Kunst og kultur

3.B.3.1 Kultur

Resultatmål 1: Vekst i talet på deltakarar på konsertar og kulturarrangement

Indikator 1a: Tal på konsertar og kulturarrangement i kyrkjene

	Konsertar i eigen regi	Konsertar i regi av andre	Kulturarr. i eigen regi	Kulturarr. i regi av andre	Totalt
2021	557	283	113	33	986
2020	444	200	162	25	831
2019	904	561	311	73	1849
2018	911	552	283	106	1852
2017	1108	534	288	105	2035
2016	820	575	290	124	1809
2015	876	518	199	60	1653

Her ser vi at auken på 155 i talet på konsertar og kulturarrangement i kyrkjene, i hovudsak kjem frå konsertar i eigen regi, som syner ein auke på 113. Kulturarrangement har det generelt vore færre av i 2021. I krevjande tider ser vi at kyrkja sjølv skipar til og inviterar til konsert.

Delmål: Fleire deltakarar på konsertar og kulturarrangement

Indikator 1b: Deltakarar på konsertar og kulturarrangement

	Konsertar i eigen regi	Konsertar i regi av andre	Kulturarr. i eigen regi	Kulturarr. i regi av andre	Total
2021	22844	27542	5867	1707	57960
2020	18143	14126	8374	952	41595
2019	77654	93609	24582	5068	200913
2018	83340	93970	26792	8511	212613

Her ser vi ei markant auke i talet på deltakarar totalt. Ikkje i nærleiken av det vi hadde før pandemien, men likevel peikar tala oppover. Til tross for at fleire no har finslippt dei digitale formidlingsteknikkane sine, så ser det ut til at folk flest ønskjer å oppleve levande kunst og musikk.

Eit døme på *kunst- og kulturuttrykk som vital del av den lokale kyrkja*, var Gullvåg-utstillinga «Den bibelske syklus» i Bergen domkirke hausten 2021, med framsyning av 17 store maleri av kunstnaren Håkon Gullvåg. Dei var opphaveleg malte for å visast fram i Nidarosdomen, men har sidan vore i katedralar i Europa og i kyrkjer i Midt-Austen. Kyrkjerommet i mellomalderkatedralen – den opne Fransiskanarkyrka, omfamna det sterke samtidsuttrykket på underfullt vis. Gullvåg sjølv var særns nøgd over akkurat dette, - samspelet, symbiosen mellom kyrkjerom og kunst, ikkje kvar for seg, men saman.

Med utgangspunkt i denne utstillinga inviterte Bergen domkirke menighet til ulike tilskipingar i samarbeid med Bjørgvin kirkeakademi, Bergen kirkelige fellesråd, Bjørgvin bispedøme og kyrkjemusikkfestivalen Bergen kirkeautunnale: Opningshelg med foredrag om verdien av samtidskunst i kyrkjerom og kyrkja som vertskap og samtalepartner for kunst-, kultur- og samfunnsdebatt. Utstillinga var ramme og inspirator for konsertar og samtalar under Kirkeautunnalen i 2021, som hadde tittelen "Ikon", der også ei vakker ikonutstilling av Solrun Nes var vist i Skrudhuset i Domkirken. I våpenhuset blei bilete av geistlege menn gjennom tidene midlertidig tatt ned, og veggane dekkja med Gullvåg sine Maria-bilete. Dei var ramme for Temakveld i regi av Bjørgvin kirkeakademi: Om kjønn, makt og innflytelse i teologi og kyrkje.

Gullvåg sin kunst har på eit vis fått vekse inn i både kvardag og fest i Bergen domkirke, fargar, motiv og intensjon har fått prege gudstenestliv, kunst og musikk og samtalar i katedralen. Den har satt varige spor som vil leve vidare etter at den no snart skal vidare til St. Petri kyrje i Stavanger.

3.B.3.2 Opne kyrkjer

Resultatmål 2: Fleire opne kyrkjer

Indikator 2: Talet på opne kyrkjer

Talet på opne kyrkjer har ligge stabilt på 83, men med ein markert auke i dagar på 44%, frå 761 til 1093. I dei utfordrande åra vi no har lagt bak oss, er det tydeleg at opne kyrkjerom, i seg sjølv er ein ressurs som opnar rom for tru og som vert verdsett.

Open kyrkje på Kinn utløyser frivillig teneste

Prosten i Sunnfjord melder:

«Sommaren 2021 hadde vi ope 73 døgn samanhengande i Kinn mellomalderkyrkje, 45 ulike kyrkjevertar har delteke, det var 3300 gjester registrert i kyrkja i løpet av sommaren. Første året, 2016 var det 420 totalt. Både på middags- og kveldsbøna ser vi ein god auke i antall deltakarar. Vi ser også at dette året er det mange som har fått opplæring frå ein annan kyrkjevert. Mange av kyrkjevertane har i år skapte eige innhald og sett personleg preg på det dei gjer på Kinn. Dette er nytt og veldig gledeleg. No har vi snart hatt 2 år med restriksjonar og pandemi. Dette er eit av dei få tiltaka i kyrkja som har hatt auke i frivillige og deltakarar i den tida som er no. Det er tankevekkande og verdt å merke seg.»

Dette dømet viser at pilegrimsarbeid og opne kyrkjer kan ha eit potensiale som ein arena for frivillig innsats.

Meir himmel på fjord – aktivitet langs kystpilegrimsleia

Sommaren 2021 tok kyrkjelydane langs kystpilegrimsleia i Bjørgvin bispedøme utfordringa i ei vanskeleg tid for å møtast, ved at dei inviterte i fellesskap til ei arrangementsrekke som «perler på ei snor» langs Kystpilegrimsleia og på alle nøkkelstadene i leia. Vi opplevde meir enn 16 arrangement; friluftsgudstenester, pilegrimsvandringar, strandrydding og «sjøveis kyrkjereis». Arrangementa var alle ute i friluft og trygt tilpassa godt smittevern. Dei lokale kyrkjelydane samarbeida med allmenntilgjengelege lokale kulturaktørar, som til dømes sogelag, turlag og grendalag.

3.B.4 Kyrkje og samfunn

Strategisk mål: Folkekyrkja engasjerer seg i samfunnet

3.B.4.1 Diakoni

Diakoni i Bjørgvin bispedøme Nokre utvalde tal frå SSB-statistikken	2019	2020	2021
Plan for diakoni	104	107	104
Hadde kyrkjelyden andre opplæringstilbod?	35	19	26
Tal på grupper	165	100	115
Hadde kyrkjelyden tilbod om ekteskapsgrupper/samlivsgrupper?	36	32	38
Tal på grupper	5	8	9
Hadde kyrkjelyden tilbod om sorggrupper?	45	41	41
Tal på grupper	64	50	63
Hadde kyrkjelyden tilbod om eldretreff/-kveldar?	80	71	58
Tal på grupper	287	260	116

Vi ser at diakonale tiltak i stort er likt samanlikna med 2020. Størst justering fekk vi frå 2019 til 2020. Eit tal skil seg likevel ut i 2021: talet på kyrkjelydar med tilbod om eldretreff/-kveldar. Her er talet meir enn halvert frå 2020 til 2021. Nedgangen skuldast sannsynlegvis pandemien og at dei eldre ikkje skulle delta på fellesskapsbyggande tiltak for å trygge eiga helse.

Av tala frå 2021 går det også fram at 104 kyrkjelydar har vedtatt plan for diakoni. Det er i underkant av 2/3 av bispedømet sine kyrkjelydar. Dette er på same nivå som tidlegare år. Når så mange kyrkjelydar ikkje har innarbeida diakonien i planar er dette utfordrande med tanke på å få god måloppnåing, men det er ikkje til hinder for diakonale tiltak. Mange kyrkjelyder utan plan melder likevel frå i statistikken om ulike former for diakonialet tiltak i kyrkjelydane.

Forum for diakonar og diakoni

For å bidra til refleksjonen om korleis diakonien skulle respondere på pandemien heldt vi fram med å invitere diakonar og diakoniarbeidarane i bispedømet til månadlege samtalar under overskrifta «Fredagspraten». I løpet av 2021 vart også organisasjonar som diakonar kunne samverke og samskape med under og etter pandemien invitert «inn i skjermen» for å dele av sin kompetanse og av sitt arbeid. Mellom dei var Blå Kors, NOK Bergen og Selvhjelp Norge. Denne nye vrien på «Fredagspraten» ga også ei auke i talet på deltakarar på Teams-møta. Som del av desse samtalan vart og Bufetat Vest og den diakonale organisasjonen Crux invitert med på Teams-møta som eit ledd i å implementere den nye nasjonale ambassadøravtalen mellom Den norske kyrkja og Bufetat. Målet med avtalen er å rekruttere nye fosterheimar til ulike organisasjonar som tilbyr denne tenesta til det offentlege. Tilbakemeldingane på denne måten å bygge nettverk på var gode.

Resultatmål 1. Fleire kyrkjelydar med diakonal betening

Indikator 1: Sokn med diakonal betening

Sokn	Sokn med diakonal betening			Prosentdel sokn med diakonal betening		
	2019	2020	2021	2019	2020	2021
176	70	76	76	37,4 %	43,2 %	43,2 %

Tala over sokn med diakonal betening er lik samanlikna med 2020. Bergen kommune gav ved utgangen av 2021 midlar til to nye diakonstillingar som ledd i ei pågåande opptapping av diakonstillingar i byen. Desse stillingane er ikkje tatt med i talmaterialet for 2021 då det ikkje er tilsett diakonar i stillingane enno. Bergen kyrkjelege fellesråd er i prosess med korleis stillingane best kan kome til nytte.

3.B.4.2 Inkluderande kyrkjeliv

Tilbod i kyrkjelyden for menneske med utviklingshemming			
2018	2019	2020	2021
44	47	42	44

Arbeidet for og med menneske med utviklingshemming har i 2021 vore prega av både konkrete tiltak i kyrkjelydane og kunnskapsbygging, fordi dette er eit felt som krev både at det vert arbeid med konkrete tiltak og haldningar.

Av kyrkjeleg årsstatistikk går det fram at det har oppstått to nye tilbod til utviklingshemma i 2021. Det er positivt i eit år der mykje har vore usikkert med tanke på kva som var mogleg å få til. Tilboda til utviklingshemma handlar i stor grad om klubbarbeid, men og om konfirmantundervisning (Konf +).

Bispedømet styrker dette arbeidet på fleire måtar. Ved å sikra at ein del av trusopplæringsmidla vert sett av slik at Bergen kirkelige fellesråd kan tilsetta medarbeidarar som kan bidra inn i det eigne konfirmantarbeidet i Bergen. Soknepresten i Kvam, Roar Strømme får bruka noko av stillinga til å bidra med kurs og inspirasjon både lokalt og nasjonalt. Han var både programleiar og ein av initiativtakarane til: "Fosterdiagnostikk: etiske utfordringer og personlige erfaringer i Oslo domkyrkje i august 2021.

Vår vurdering er at når ein veit at det er om lag 5000 menneske med utviklingshemming i vårt bispedøme trengs det tilbod i kyrkjelydane. Vårt bidrag er å leggja til rette ved å informera og inspirera, men arbeidet må vera forankra lokalt. I tillegg er det viktig å halda fram å minna kommunane om at retten til trus- og livssynsutøving også gjeld utviklingshemma og å fortsette å kunna tilby kurs om menneske med utviklingshemming og sorg.

Resultatmål 2: Fleire kyrkjelydar tilbyr fellesskap til nye i Noreg

Indikator 2: Tal på kyrkjelydar med tilbod i samband med integreringsarbeid

Antall sokn med integreringstilbod			Tilbod retta mot innvandrarar			Tilbod retta mot andre utsette grupper		
2020	2021	endring	2020	2021	endring	2020	2021	endring
24	17	- 29 %	23	15	- 35 %	5	7	40 %

Tabellen viser nedgang i talet på sokn som har integreringstilbod og då særleg med tanke på tilbod retta mot innvandrarar. Talet på tilbod retta mot andre utsette grupper viser ein positiv utvikling, men talet på tilbod er såpass lågt at små endringar vil gje store utslag, slik tilfellet er her.

Det er sannsynleg at nedgangen i tilbod retta mot innvandrarar heng saman med pandemien. Kyrkjemøtesaka om kristne migrantar frå 2020 er ei svært viktig påminning for kyrkjelydane i bispedømet, og bispedømet har gjennom fleire år, også i 2021, vore inne med midlar gjennom OVF-tildelinga for at Kristent Interkulturelt Arbeid Bjørgvin (KIA), som bispedømet var med å etablere skal kunna arbeida etter si målsetting; "å skape gode arbeidskvalifiserende møteplasser og lærearenaer for formidling av norsk kultur, språk- og samfunnskunnskap, bygget på dokumentert fagkompetanse og relevant livserfaring. Mesteparten av dette arbeidet utføres av frivillige, veiledet og organisert av ansatte." Vår vurdering er at dette arbeidet treng den spesialkompetansen som organisasjonane kan tilby og at satsinga på mellom anna KIA Bjørgvin difor må halde fram.

3.B.4.3 Trus- og livssynsdialog

Resultatmål 3: Arbeidet med religionsdialog blir styrka

Indikator 3: Tal på fora for religionsdialog

Kirkelig dialogsenter Bergen (KDB) er vårt forum for religionsdialog. Senteret arbeider med trus- og livssynbasert dialog, mellom anna livssynbasert dialog med og for ungdom (gjennom tiltaket "Inter"). Senteret har samtalegruppe om tru mellom aust og vest. Gjennom denne satsinga er dialogsenteret med på å realisere delar av Bjørgvin bispedøme sin strategi dei komande åra, til dømes gjennom å vere synleg i lokalsamfunnet ved å møte folk der dei er i livet og skape inkluderande fellesskap. Senteret arrangerer også "Pusterom" med vekt på det kristen meditasjon. Senteret gjennomfører også kveldsmesse for å gjere det mogleg for deltakarene å senke skuldrene og erfare Guds kjærleik og fred og dei har eit tilbod om "dialogkveld". Her er det mellom anna samlingar med mat og dialog for unge vaksne.

Det har og vore nytta kompetanse frå dialogsenteret i arbeidet med å utvikle konsept for innhald rundt prosjektet Fana prestegard med tanke på pilegrim og retreatarbeid. I tillegg har ein utvikla eit etter og vidareutdanningstilbod innan åndeleg vegleiing, som vil bli lansert i samarbeid med NLA høgskolen i 2022.

3.B.4.4 Kyrkja på nett

Resultatmål 4: Kyrkja sitt digitale nærvær aukar

Etter at 2020 var prega av nokså stor aktivitet på nettet, har vi sett ein reduksjon i 2021. Vårt inntrykk frå prostane er at ein i kyrkjelydane har prioritert fysiske samlingar når det var mogeleg. Det viser seg i statistikken over fysiske gudstenester, der Bjørgvin har størst auke. Sjå fylldig rapport om dette og nettbaserte gudstenester i kap. 3.B.1.1.

Samanlikna med ein del andre bispedøme, er Bjørgvin ikkje blant dei med mest aktivitet på nettet. Det kan skuldast den nemnde prioriteringa av fysiske samlingar og at det mange stader er små stabar med lite ressursar i ei krevjande tid.

Medlemsundersøkinga blant medlemmer i Bjørgvin (oktober 2021) viser at det berre er 34 % som svarer at dei ikkje har motteke noko informasjon frå kyrkja eller ikkje huskar å ha motteke noko i løpet av dei 12 siste månadane. På dette spørsmålet er det medlemene i Bjørgvin av alle i landet som svarer mest positivt. Undersøkinga viser elles at 50 % har motteke kyrkjeblad, 16 % har sett informasjon i lokalavis, 12 % på sosiale medium og 7 %

har besøkt kyrkja sine nettsider. Berre 16 % seier seg negative til å få tilsendt informasjon om ulike arrangement i regi av kyrkja. 73 prosent av medlemene ville først søkt på nettet eller gått direkte til kyrkja sine nettsider om dei lurte på noko om kyrkja. Når vi veit at gode treff på Google er avhengig av oppdaterte og gode nettsider og arrangement som blir lagt inn på applikasjonen «skjerikyrkja.no», er det viktig å halda trykket oppe på arbeidet med å gjera kyrkja synleg på nettet.

Indikator 4: Økter og brukarar på heimesidene. Følgjarar og trafikk på Facebook.

kyrkja.no/bjorgvin	2018	2019	2020	2021
Økter	44000	53696	67047	48333
Unike brukarar	23979	27769	34958	30564

Bruken av bispedømet sine nettsider har gått ned i 2021. Det er sannsynleg at samanhengen er færre aktivitetar i regi av bispedømekontoret og biskopen. I 2020 hadde vi også større eigenproduksjon av digitale sendingar, meir omtale av kyrkjelydane sine digitale aktivitetar og fleire oppdateringar om gjeldande koronareglar.

Våre brukarundersøkingar blant prestane og lokalt kyrkjeleg tilsette viser at om lag 72 prosent av prestane og 40 prosent av dei lokalt tilsette er inne på bispedømet sine nettsider kvar månad eller oftare. På spørsmålet om dei er nøgde med nettsidene, plasserer prestane seg i snitt på 4,26 på ein skala der 6,0 er høgast mogeleg skår. Dei lokalt tilsette er om lag like nøgde (4,23). Prestane er litt mindre nøgde enn i 2017, dei lokalt tilsette meir nøgde enn den gongen då vi sist hadde brukarundersøking. For begge kategoriar er den viktigaste grunnen som er oppgitt blant dei som ikkje er innom nettsida at dei får nødvendig informasjon via andre kanalar.

Vår viktigaste kanal for å få lesarar inn på nettsidene, ein e-post med «Nytt frå Bjørgvin» gjer at om lag 1000 faste brukarar får melding om når det er noko nytt, og dei kan då velja om dei vil lesa meir eller ikkje.

Statistikk over kva innhald som er mest sett, viser at sidene blir brukt som eit intranett for nokon av dei tilsette der dei finn skjema, kontaktinformasjon osv. Vidare er saker om bispedømerådet sine møte og vedtak, melding om stillingar eller nyttilsette og saker knytt til satsingar som sorgmånad og Hauge-jubileum blant det som blir lese.

Indikator 5: Følgjarar på facebooksider

«**Biskop Halvor**» er ein profil som biskopen har hatt sidan 2010. Den har 1044 følgjarar (1020 i fjor). I tillegg har han sin meir personlege profil med om lag 1718 vener (1620 i fjor).

Bjørgvin bispedøme sin eigen facebookprofil hadde ved årsskiftet 791 følgjarar, i 2020 hadde den 736 følgjarar.

Blant dei mest sette innlegga var ein liten video der biskopen reklamerte for Hauge-dagane i Bergen, og ei påminning om dei same dagane. Også ledige stillingar fekk ein del klikk.

3.B.4.5 Kyrkja i det offentlege rommet

Resultatmål 5: Kyrkja er synlig på fleire arenaer i det offentlege rommet

Indikator 5 a: Presseklipp

Det vart i 2021 registrert 507 relevante presseklipp på biskop Halvor Nordhaug. Det er nokon færre enn i 2020 (541 klipp). Biskopen er registrert med 12 ulike lesarinnlegg, men med same innlegg i fleire aviser/på nett, har han 13 lesarinnlegg totalt.

Flest oppslag kom i samband med nytt om, og debatt kring, handtering av prestar sitt arbeidsmiljø, særleg knytt til prestar som reserverer seg mot å samarbeida med kvinnelege prestar.

Tre typar oppslag som neppe hadde blitt så omfattande utan pandemien handla om utsette konfirmasjonar, påskefeiring og julefeiring i kyrkjene.

Biskopen uttalte seg i høyring om bruk av sjø-areal i området mellom heilagøya Selja og havet. I mange aviser fekk saka den interessante tittelen – ‘Vil ikke ha oppdrett ved «hellig øy»’, noko som truleg medverka til relativt mange oppslag i ei sak der biskopen berre er ein av mange høyringsinstansar, og ein av dei som ikkje har formell makt på området.

Presseklipp biskop Halvor Nordhaug 2021	KLIPP	PROSENT
Covid 19 – konsekvensar for konfirmasjon, påske- og julefeiring	100	20
Prestar sitt arbeidsmiljø og prestar som reserverer seg mot samarbeid med kvinnelege kollegaer	83	16
Visitasar	32	6
Fiskeoppdrett ved Selja	28	5,5
Oppslag i samband med at biskopen sin far, Ole Nordhaug, døydde.	27	5,5
Saker med bakgrunn i at biskopane i Borg, Hamar og Bjørgvin blir pensjonistar i løpet av 2021-2022.	26	5,5
Teologiske drøftingar mm.	21	4
Forkynnande stoff	16	3

Indikator 5 b: «På troen løs» - omfang og oppslutning

Alle planar om å gjennomføra «På troen løs» - biskopen sine samtalar med ein gjest på Litteraturhuset i Bergen, måtte skrinleggast for 2021. Det vart derimot gjennomført eit arrangement i serien «Biskopen på hjemmebane» i Bergen domkirke, der tema var Bibelsyn.

Johan Nordahl Brun-prisen

Utdelinga av Johan Nordahl Brun-prisen er ein årleg arena for eit møte mellom biskopen og publikum. I 2021 vart det lyst ut at kven som ville, kunne foreslå kandidatlar til prisen. Ein vinnar vart kåra, men på grunn av smittevern, vart ikkje prisen delt ut og vinnaren er difor heller ikkje kunngjort.

«Den raude tråden» - markeringa av 250-årsjubileet for Hans Nielsen Hauge

Initiativtakarane Bjørgvin bispedøme, Bymuseet i Bergen og “Samarbeid Menighet og Misjon Bjørgvin” (SMM Bjørgvin) markerte i 2021, saman med mange samarbeidspartnarar, at det var 250 år sidan Hans Nielsen Hauge vart fødd. Markeringa vart prega av konsertar, historiske foredrag, salmekveldar, teater, gudstenester, byvandringar, kåseri, oppbyggjelege møte og meir. Sjølvje jubileumsdagane gjekk føre seg frå 14. – 19. september i og rundt Bergen. Mangfaldet av arrangement og deltaking var stort.

Årsaka til bispedømet si vektlegging av denne markeringa er den rolla Hauge kom til å spele for denne byen og vårt bispedøme i åra før og rundt 1800-talet, men òg i dag. Det vart i særleg grad lagt vekt på korleis tru og virke virka saman hjå Hauge for å nå eit høgare mål; bygging av nasjonen og frelse til sjelene. Gjennom Hauge vart kapital og menneske sett i arbeid. Dette fekk konsekvensar mellom anna for handverk-faget, kyrkja, lekmannsrørsla, misjon, industri og næringsliv. Dette «doble blikket», tru og virke, sette spor som vi kan kjenne att den dag i dag. Dei ulike aspekta vart løfta fram gjennom eit fagleg og eit folkeleg spor. Dette var «den raude tråden» i jubileet.



Elisabeth Attramadal (t.v.), vinnar av konkurransen: «Design Hauge-sokken». Leiar av juryen: Hege-Therese Nilsen (t.h.), Husflidskonsulent i Hordaland, Norges Husflidslag. «Ein vanleg sokk får det heilage og reine over seg (kvit), samstundes som krossen i sokkemønsteret blir gjort grå – kvardagsleg og allment», skreiv vinnaren. Foto: Vette Karlsen Eide

Kystpilegrimsleia

Bjørgvin bispedøme har sidan 2011 vore pådrivar i etableringa av Kystpilegrimsleia som i 2018 blei godkjent som nasjonal pilegrimlei og europeisk kulturveg. 2021 var eit første prøveår for fire regionale kystpilegrimssenter, Smøla, Selje, Bergen og Avaldsnes. Dei har no fått permanent finansiering frå stat, fylke og kommune og går inn i ein driftsfase, der kyrkja er medviten sitt ansvar for å ta leia aktivt i bruk. Stavanger og Bjørgvin bispedøme sine pilegrimsutval samarbeider for å forvalte verdiane som ligg i dei historiske pilegrimsleiene til nytte og glede for fastbuande og besøkande pilegrimar.

Markering av kristne kjerneverdier i samfunnet gjennom jubileum

Kyrkja skal no, som før, og i framtida, vere tydelege på dei kristne kjerneverdiane i vår kulturarv og i dei historiske jubilea, “gullrekka”, som er under planlegging fram mot Stiklestad 2030. Mottoet for Kristenrettsjubileet Moster 2024 er “Feirar fortida og formar framtida”.

Björgvin biskop deltek aktivt i utviklinga av innhald og målsetjing for dei historiske jubilea; Kristenrettsjubileet Moster 2024 og Magnus Lagabøte-jubileet 2024, slik at kyrkja sine verdiar vert synleggjort.

3.B.4.6 Samarbeid mellom kyrkje og skule

Resultatmål 6: Samarbeidet mellom skule og kyrkje blir styrka

Indikator 6: Tal på barnehage- og skulegudstenester

Gudstenester for skuleborn						
	2016	2017	2018	2019	2020	2021
Gudstenester	428	413	421	421	125	96
Deltakartal	76398	73048	73930	71644	6107	6735
Gjennomsnitt	179	177	176	170	49	70

Gudstenester for barnehageborn						
	2016	2017	2018	2019	2020	2021
Gudstenester	230	242	181	174	79	86
Deltakartal	15465	14128	13666	13241	2707	4212
Gjennomsnitt	67	58	76	76	34	49

Vi ser at det for skulegudstenester er det 23% reduksjon i talet på gudstenester, men auke på 10% i oppmøte. For barnehageborn ser vi ein auke på 9% i talet på barnehagegudstenester frå det låge nivået i 2020, og ein auke på 56% i oppmøte.

I 2021 var det vanskelegare enn i 2020 å arrangere ting med skule/barnehage fordi restriksjonane kom på eit uheldig tidspunkt. I 2020 delte ein opp i mindre einingar og fekk likevel gjennomført ein del samlingar. I 2021 kunne ein først samla fleire samstundes, fram til det blei strengare krav i nov/desember og så vart det full stopp 13.desember. Det førte til at dei som hadde aktivitet tidleg fekk gjennomført med til dels bra oppmøte, men at mange måtte avlysa planlagde gudstenester og kyrkjevandringar med kort frist i desember.

3.B.4.7 Vern om skaparverket – grøne kyrkjelydar

Resultatmål : Fleire kyrkjelydar vert grøne kyrkjelydar.

Indikator 7: Tal på grøne kyrkjelydar

Tal på grøne kyrkjelydar			
2018	2019	2020	2021
34	36	37	37

Talet på "Grøne" kyrkjelydar er det same som i 2020

Satsinga på "Grøne kyrkjelyder" har i 2021 vore låg. "Ressursgruppa for berekraft: miljø, forbruk og rettferd" har ikkje vore aktiv i 2021.

3.B.4.8 Misjon og vennskapssamarbeid

Det var i 2020 127 misjonsavtalar i Bjørgvin knytt til SMM-samarbeidet, vi har ikkje fått endelege tal for 2021. SMM-arbeidet er i endring etter at organisasjonane trakk ut sine løyvingar i 2020 på grunn av sviktande inntekter. Ein del kyrkjelydar tok del i «Saman som kyrkje i heile verda» i 2021 for å setje fokus på misjonsavtalane og å samle inn midlar til arbeidet. Denne landsomfattande aksjonen vart initiert av Agder og Telemark bispedøme i 2020 som ein ekstra innsats for å motvirke reduserte gåveinntekter det året, og fekk i 2021 tydlegare kopling mot misjonsavtalane. Pandemien har redusert inntektene ved takkoffer, og det har ført til stor nedgang i støtte til mange av organisasjonane. Det er grunn for å følgje med på korleis dette vil bli i 2022.

Bjørgvin bispedøme vedtok i juni vennskapssamarbeid med den lutherske kyrkja på Cuba: *Iglesia Evangélica Unida sínodo luterano (forkorta IEU)*. Vennskapet er frukt av ei vitjing biskopen gjorde til Cuba i 2011. Samarbeidet er koordinert gjennom Normisjon og handlar om gjensidig forbøn, nettkontakt, vitjingar, studiereiser og økonomisk bistand. Kyrkjelydane i bispedømet er bedne om å gi eit offer årleg til prosjektet. På stiftsmøtet for prestane i november vart det informert om avtala og også gitt sjanse til å gi. Pandemien har gjort trongen for støtte større, og sjansane for besøk mindre. Det kom inn om lag kr 185.000 til arbeidet i 2021.

I 2021 har det vore arbeidd med saker om det globale arbeidet i kyrkjerådet, og det har vore snakka om i SMM-utvalet i Bjørgvin og i trusopplæringsamlingar i bispedømet. Guds misjon eller mission er eit altomfattande oppdrag, men også eit konkret oppdrag om å støtte og ha kontakt med den verdsvide kyrkja og å fremje kyrkjelydsbyggjande arbeid. I ei tid der kyrkja i Europa mange stader er i tilbakegang er det nyttig å halde kontakt med kyrkjer i vekst og utvikling i andre land. Migrasjon har ført til at vi har ei stor breidde i nasjonalitetar og kulturar representert i Noreg, og største delen av migrantane har kristen bakgrunn, om ikkje luthersk. I eit samfunn som blir meir og meir sekulært kan det også vera fornuftig å stå saman økumenisk for å halde oppe det kristne vitnemålet. Eit mangfaldig samfunn utfordrar tradisjonane og testar verdiane til Den norske kyrkja.

Ein ser at organisasjonane i kyrkja til dømes gjennom SMM-arbeidet gjer ein god innsats for å hjelpe dei lokale kyrkjelydane i si misjonsteneste lokalt og globalt. Til dømes NMS som er den største organisasjonen, har gode nettsider. Her kan ein velje kyrkjelyd og få tilgang til informasjon om kva avtale kyrkjelyden har og informasjon om arbeidet ein støttar. Dei har også ein ressursbank for misjonsarbeidet i kyrkjelydane. Mykje av ressursane og tenkinga som fungerer andre stader, er også nyttige verktøy for å lukkast med det lokale oppdraget *døyp dei... og lær dei å halda*.

3.B.5. Rekruttering og frivillig teneste

Strategisk mål: Fleire finn sinn plass i kyrkjeleg arbeid

3.B.5.1 Frivillig teneste

Resultatmål 2: Fleire vert engasjerte i frivillig teneste i kyrkja

Indikator 1: Tal på frivillige

Frivillige i Bjørgvin bispedøme 2021	2019	2020	2021	Endring i %
Totale tal på frivillige	12 120	10005	9299	-8
Gudstenesteplanlegging og gjennomføring	4 503	3864	3507	-9
Barnearbeid (0 - 12 år)	2 486	1665	1410	-15
Ungdomsarbeid (13 + år)	2 061	1447	1411	-7
Diakonalt arbeid	2 076	1813	1654	-9
Kunst- og kulturarbeid	2 053	1536	1440	-6
Komitéar og utval	2 927	2816	2699	-4
av dette i sokneråd	1 661	1491	1366	-8
I anna frivillig arbeid	1 846	1550	1378	-7

Registrerte tal på frivillige i Bjørgvin bispedøme viser ein nedgang på 8 %. Nedgangen er nokolunde jamt fordelt på alle kategoriar, jfr. tabellen over, pandemien er nok den viktigaste grunnen for nedgangen fordi mange aktivitetar som involverer frivillige er blitt avlyst og ein del ha halde seg vekke frå aktivitetar av frykt for smitte. Det er og ein liten usikkerhet i tala i og om nokre kyrkjelydar har vald å telje med alle på lista sjølv om aktivitetane ikkje har blitt noko av i år, medan andre berre har tald dei som har vore aktive i år.

Likevel er det verdt å merke seg den store nedgangen i talet på frivillige i kategorien «barnearbeid (0 - 12 år)». Her er nedgangen på heile 15 %. Nokre kyrkjelydar har meldt tilbake at dette kan skuldast at færre unge konfirmantar har bidrege som frivillige pga. pandemien. Andre peiker på at forenkla trusopplæringstiltak har bidrege til at tilsette i større grad har tatt på seg oppgåva med å gjennomføre tiltak framfor å trekke på dei frivillige. Atter andre peikar på at mange tiltak også er avhengig av pensjonistar som frivillige i barnearbeidet, men at fleire av dei ikkje har våga å vere frivillige pga. frykta for å bli sjuke av korona. Denne situasjonen krev at vi som kyrkjelydar og bispedøme er merksame på om nedgangen i talet på frivillige vil halde fram.

Vurdering og analyse - vegar vidare

Når frivillige ikkje lenger berre dukkar opp, treng kyrkjelydane hjelp til både å tenka rett om kyrkjelydsfelleskap og frivillig teneste og korleis dei konkret skal ta vare på og rekruttere frivillige. Bjørgvin bispedøme lanserte i november sitt nye og reviderte hefte om frivillig arbeid: «*Våge, tru og bevege – om frivillig teneste i kyrkjelydane*». Med dette vil bispedømet gjennom kursing og opplæring av tilsette og frivillige intensivere arbeidet med rekruttering og oppfølging av frivillige i bispedømet. Dette skal mellom anna skje på stiftsdagane i 2022 og på samlingar biskopen vil ha med ulike prosti hausten 2022. Ved samtidig satsing reknar vi med at vårt bispedøme og kyrkja som heilskap få litt hjelp i rekrutteringa av nye og gamle frivillige når heile Noreg i 2022 har fokus på frivillig arbeid gjennom regjeringa si satsing på «Frivillighetens år»

Inkluderingsdugnaden

Det er utarbeidd og vedtatt eit forventningsdokument og ein handlingsplan for Den norske kyrkja når det gjeld arbeid med *Likestilling, inkludering og mangfold* (LIM). Med utgangspunkt i inkluderingsdugnaden og nemnde handlingsplan har Bjørgvin bispedøme hatt nådd måla på følgjande punkt:

- Personar med hol i CV'en har vore innkalla på intervju.
- Det har vore tilrettelagt for tilsette med nedsett funksjonsevne
- Det er gjever tilbod om arbeidstrening i samarbeid med NAV

Stiftsdirektøren i Bjørgvin sit i nasjonalt utval og koordineringsgruppe for LIM.

3.B.5.2 Barne- og ungdomsarbeid

Resultatmål 4: Tilbodet for unge i kyrkjelydane blir styrka

Indikator 2a: Leiarkurs unge 13 – 17 år

Rapporteringa på leiarkurs 13-17 år viser at 35 sokn hadde slike i 2020, i 2021 hadde dette auka til 43 sokn. Fleire av sokna samarbeida med andre sokn om kursa.

Det er for 2021 gjort ei endring i kyrkjeleg årsstatistikk som gjer at vi ikkje kan finna gode tal for enkelttiltak og kontinuerlege tiltak for aldersgruppa 13 - 17 år. Fleire har rapportert på «øvrige tiltak» i trusopplæringsrapporten, men aldersinndelinga er ikkje 13-17, og tala er difor ikkje råd å samanlikna med tidlegare år. Vårt inntrykk er dessutan at ein del sokn har heller ikkje teke i bruk denne rapporteringa på øvrige tiltak.

Ungdomsarbeidet har også i 2021 gått i berg og dal-bane på grunn av covid-19. Det er difor ikkje så relevant å kommentere på endringar på innrapporterte tal. Til trass for at tilbod for ungdom skulle prioriterast frå helsedirektoratet, så kunne det vera vanskeleg i kyrkjelydane å oppretthalde eigne tiltak. I stabane var det fokus på smittevern knytt til gudsteneste og gravferd. Det kunne vera krevjande å skulle lage eigne tiltak med andre smittevernreglar for ungdom. Det var mange kyrkjelyder som traff med sine tilbod i dei opne periodane, mens andre måtte avlyse.

Indikator 2b: Tilbod til unge 18 – 30 år, einskildtiltak og kontinuerlege

	Kontinuerlege tilbod for 18-30 år			Einskildtilbod for 18-30 år			Leiarkurs for 18-30 år		
	2020	2021	Endring	2020	2021	Endring	2020	2021	Endring
Bjørgvin	52	58	12 %	32	40	25%	19	14	-26%
Nasjonalt	270	330*	22%	148	187	26%	80	81	1%

*usikkert tal

Det er ein auke i tilbodet for Unge Vaksne-arbeidet i Bjørgvin. Mesteparten av denne auka aktivitet er knytt til at St. Jakob no har funne ei god styringsform og har sær gode medarbeidarar. Juni 2021 vart det underteikna ei ny samhandlingsavtale mellom Bjørgvin bispedøme, Bergen kirkelige fellesråd (som no i sin nye strategi har med "byomfattende tiltak for unge vaksne"), Bergen KFUK-KFUM Ynglingen og Bergen Domkirke menighet. Det var viktig å etablere ei ny felles forståing for struktur, økonomiansvar, dei tilsette sine roller, og ikkje minst eigarskapen hos partane. Den nye styringa vart rask operativ og dette i kombinasjon med pausen frå strenge smittevernreglar i haust, har gjeve ein god auke i talet på personar som nytta seg av tilbodet i St. Jakob. Studentprestetenesta si verksemd er også godt integrert i St. Jakob. Det er studentlunsj kvar fredag, då ein òg kan nytta heile bygget som lesesal. Ein har "St.Ja-kor" med ca 80 medlemmer, i tillegg er det temakvelder,

bibelgrupper og gudstenester kvar søndag kveld i studieåret. 34 gudstenester er forordna av biskopen, nokre av desse er dei tidlegare studentgudstenestene og nokre er gudstenester flytta frå Bergen Domkirke. Det er naudsynt med ei vidare utvikling bygget og det ligg planar for dette til handsaming hos riksantikvaren.

Eit anna tiltak for “Unge Vaksne” som er verd å nemne er “Skrudhusfelleskapet” som samlast kvar onsdag og fredag kl 0730 til ei samling kor bøn, stille og venskap er det sentrale. Det er William Grosås, kapellan i Birkeland som står for dette arbeidet som skjer i Skrudhuset i Bergen Domkirke. 86 messer med til saman ca 80 unike deltakarar.

Leiartrening for unge vaksne

Til tross for at det rapporterte talet viser ein nedgang, skjer mykje bra leiartrening i unge vaksne - arbeidet, men det vert i mindre grad rapportert som leiarkurs. Det er vår oppfatning at rapporteringa på alle desse tiltaka for unge vaksne kan vera noko upresise frå år til år, noko som kan gje slike utslag vi ser i tala. Leiartreninga i St. Jakob er knytt mykje meir til frivillige vertskapsgrupper. Det er over 110 frivillige fordelt på 10 grupper. Det er mykje god leiartrening i desse, men vert altså ikkje talde som “leiarkurs”.

Ungdomsrådet og ungdomskonferansen Vegkryss

Ungdomskonferansen Vegkryss er ei satsing for å vekka til liv ungdomsdemokratiet i Bjørgvin, men samtidig også å vera til inspirasjon og styrking for ungdomsleiar frå heile bispedømet. Denne kombinasjonen har vist seg å fungera godt. Fleire kyrkjelydar valde å bli med på Vegkryss som ein inspirasjon for leiarmiljøet i kyrkjelyden.

Vegkryss vart gjennomført 13.- 14. August med 42 deltakarar frå fleire ulike prosti. Det er ein god auke frå 26 i 2020. Laurdagen gjennomførte vi ungdomsting på ein ny og utradisjonell måte. Vi brukte tematikken frå “Use your talents”/ABCD metoden til å få i gang samtalar og debatt. Det vart vedteke nytt mandat for ungdomsråd og ungdomsting og vald nytt ungdomsråd.

Samarbeid med organisasjonar

Bispedømet held fram samarbeidet med KFUK-KFUM Sogn og Fjordane, og det har starta å få ein god effekt. I tillegg har vi eit samarbeid og god dialog med KRIK om ein konfirmantleir i Norheimsund vinterferien 2022. Etter initiativ frå KFUK-KFUM Norge og Bjørgvin krins går vi inn i eit nytt samarbeid om ei ny treårig stilling, oppstart i 2022. Det vil vera knytt til å utvikle nye tiltak i tråd med strategien, særleg med tanke på å skapa gode “møteplassar”.

Bispedømet inviterte alle organisasjonane knytt til “Plattformen kirkens unge” til ein samling i oktober: Acta, Søndagsskoleforbundet, KRIK, Ung Kirkesang, NMSU, KFUK-KFUM og NLM-ung. Møtet var positivt og det var eit ynskje om å vidareføre samarbeidet.

Utfordringar i samarbeid mellom lokalkyrkjelyd og organisasjonar

Det er framleis ein del uavklarte tilhøve når det gjeld organisasjonane sin autonomi i samarbeidet med den lokale kyrkjelyden. Til dømes har ein i Fridalen skilt ut barnekordrifta inn i Ung kirkesang med deira organisasjonsnummer og eigen økonomi. Samstundes er arbeidet i stor grad drive av kantor. Det har og vore nokre situasjonar der kyrkjelyden har eige ungdomsarbeid, men ikkje ynskjer å melde dei inn i ein organisasjon. Det kan sjølvstundt vere ei utfordring at organisasjonane sin autonomi og programprofil kan koma i konflikt med soknerådet sine planar og prioriteringar. Det er heldigvis eit fåtal som opplever dette. Vi ser framleis gode høve til å kunne ha eit godt samarbeid med organisasjonane. Det er òg ei god

trening i folkestyre med lokallag og organisasjonar i tråd med FN's berekraftsmål. Tilhøvet til organisasjonane vart òg tematisert på Stiftsmøtet for prestane i november.

Indikator 2.c. Gudstenester for ungdom

	2017	2018	2019	2020	2021
Ungdomsgudstenester	391	412	399	254	348
Deltakarar	43110	47187	45687	15975	25646

Talet på ungdomsgudstenester har gått opp. Det er grunn til å tru at ein del denne auka skuldast gudstenester for unge vaksne i regi av St.Jakob, som nemnt over.

Vurdering og strategi

Strategien for ungdom, som vart vedteken i bispedømet, var tema for eige seminar for alle prestane på stiftsmøtet. Det å utvikle gode verktøy for gudstenester for ungdom er ei prioritert oppgåve i 2022. Heldigvis har vi mange gode medarbeidarar som har gode erfaringar, så mykje av arbeidet vert å kopla saman dei som arbeider med det.

3.B.6. Bemanning, presteskap og administrasjon

3.B.6.1 Vigslingar

Resultatmål 1: Rekrutteringa til vigsla stillingar vert styrka

Indikator 1: Tal på vigslingar

Biskopen har i 2021 ordinert fire prestar.

3.B.6.2 Trivsel i jobben

Resultatmål: Kyrkjelege medarbeidarar trivest i jobben

Indikator 2a: Medarbeidarundersøking

I oktober 2021 vart det gjennomført medarbeidarundersøking i heile trussamfunnet. Sjå punkt 4.A.1 for nærmare utgreiing.

Indikator 2b: Sjukefråvær alle tilsette

Totalt	%	1-3 dagar	4-16 dagar	16d - 8 veker	>8 veker
Bjørgvin	4,74 %	0,21 %	0,61 %	0,72%	3,21 %
Kvinner	6,61 %	0,19 %	0,67 %	0,73 %	5,02 %
Menn	4,04 %	0,21 %	0,58 %	0,71 %	2,53 %

Bjørgvin har sjukefråvær på 4,74 for alle tilsette. Dette er ein liten reduksjon frå 2020.

Vi har eit stabilt lågt sjukefråvær. Dei høgaste tala finn ein i langtidsjukefråværet. Dette skuldast i all hovudsak sjukefråvær som ikkje er arbeidsrelatert, og heller ikkje knytt til covid-19.

Ein kan sjå ein liten reduksjon i fråvær under 8 veker, medan det er ei auke i fråvær over 8 veker. Dette syner at det har vore mindre korttidsfråvær under pandemien, slik ein har sett i samfunnet elles. Dette vil truleg auke noko i 2022.

3.B.6.3 Presteteneste

Delmål: Den norske kyrkja skal vera ei landsdekkande, lokalt forankra folkekyrkje

Indikator 3a: Kyrkjelege handlingar pr prest

I 2019 hadde vi 53 gudstenester per prest, mot 51 gudstenester per prest i 2018. Tala for 2020 og 2021 vil ein ikkje kunne samanlikna grunna korona. Mange gudstenester vart avlyste, samstundes som mange gudstenester vart halde digitalt, både med direktestrømming og opptak. Ein har òg hatt mange eigne dåpsgudstenester for å sikra godt smittevern samstundes som ein kan gjennomføre dåp.

Som ein kan sjå av tabellen under er både talet på vigslar og dåp lågare enn tidlegare, men med ein gledeleg auke frå 2020 til 2021. Mykje av desse svingingane skuldast truleg utsettingar på grunn av koronasituasjonen. Gravferd er det einaste ein har gjennomført på tilnærma normalt vis, men med nokre begrensingar på oppmøte.

	Prestar	Konfir- mantar	per prest	Vigslar	per prest	Grav- ferder	per prest	Dåps- handlingar	per prest
2017	152,15	5 221	34,3	883	5,8	4 184	27,5	4 398	28,9
2018	152,6	5 220	34,2	847	5,6	4 258	27,9	4 108	26,9
2019	155,15	5 108	32,9	750	4,8	4 214	27,2	4 101	26,5
2020	154	4 944	28,8	558	3,3	4 189	24,4	3 465	20,2
2021	156,5	4 718	30,1	575	3,7	4 125	26,4	3 612	23,1

Indikator 3b: Prestedekning

Vi har i 2021 171,65 presteårsverk. Dette inkluderer også prostar og biskop. Av desse er 8,5 spesialprest på institusjon eller studiestad. 11 prostar gjer 50 prosent presteneste. Det gjev 156,5 årsverk i kyrkjelydsteneste. I tillegg har vi hatt vakanse i ni stillingar heile året og i seks stillingar store deler av 2021. Vi har forholdsvis god tilgang på vikarar, mykje takka vere pensjonerte prestar (tilsvarande ca ni årsverk i 2021). I om lag halvparten av dei vakante stillingane har vi hatt faste vikarar. Det har vore ein auke i bruk av vikarar og enkelttenester heilt frå 2018, og dette har auka vidare også i 2021.

Indikator 3c: Utlysing, søknadar og tilsettingar i prestenesta

Vi har i 2021 hatt 26 utlysingar, ein av desse er lyst ut fleire gonger. Totalt har det vore 55 søknader og vi har tilsett 18 prestar.

Indikator 3d: Aldersfordeling og stillingskategoriar

Tilsette pr 31.12.2021

	39 år og yngre	40-49	50-59	60 +	Totalt
Prostar + biskop	1	2	3	6	12
Prosti- og seniorprest	1	2	2	5	10
Spesialprest	2	4	5	4	15
Sokneprest	11	21	35	33	100
Kapellan	11	4	3		18
Totalt	26	33	48	48	155

Vurdering av bemanningssituasjonen

Bjergvin bispedøme har høg alderssamansetting på presteskapet. Det er positivt med fleire yngre søkjarar i 2021, men ein må erstatte 2/3 av presteskapet i løpet av 20 år. Fruktene av satsinga på grunnrekruttering til studia vil ein måtte tenke seks til ti år fram. Difor har ein ikkje råd til å ta snarveg, ein må satse langsiktig. Bjergvin har og inne fleire unge tilsette som er i utdanningsløp, eller som bistår prestetenesta på konfirmantarbeid, i tillegg til pensjonistar.

3.C. FNs berekraftsmål

Bjergvin bispedøme nemner ikkje berekraftsmåla direkte i strategien for 2021 – 2024, men ved å halde saman strategien og berekraftsmåla vil ein kunne finne at også Bjergvin bispedøme bidreg inn i den verdsvide dugnaden for eit meir berekraftig samfunn og for ei meir berekraftig kyrkje. Både bispedømet og kyrkjelydane bidreg både med konkrete satsingar som direkte er med å realisera berekraftsmåla og med haldningsskapande arbeid ved å spreie kunnskap om berekraftsmåla.

Kirkens Nødhjelp

I sitt siste strategipunkt for perioden 2021 – 2024 seier Bjergvin bispedøme følgande: *“Kyrkja er synleg i lokalsamfunnet ved å vere aktiv pådrivar for berekraftig utvikling”*. Dette strategimålet vert mellom anna realisert når kyrkjelydane i Bjergvin bispedøme gjennom ei årrekke har vore engasjert i Kirkens Nødhjelp sin fasteaksjon. Då er kyrkjelydane med i ei målretta satsing for å utrydde fattigdom og svolt (berekraftsmål nr. 1 og 2), sikre god helse, livskvalitet og utdanning (berekraftsmål nr. 3 og 4), skaffe reint vatn og gode sanitærforhold (berekraftsmål nr. 6), bidra til likestilling mellom kjønna og mindre ulikskap (berekraftsmål nr. 5 og 10), bidra til å bygge berekraftige byar og lokalsamfunn (berekraftsmål nr. 11), stoppe klimaendringane (berekraftsmål nr. 13) og samarbeide for å nå måla (berekraftsmål nr. 17).

Ungdomssatsinga “Saman på hjul”

Bispedømet sin strategiplanen bidrar også til berekraftsmåla med følgande strategimål: *“Kyrkja skal vera ein meningsfull arena for ungdom og unge vaksne der dei kan vere og finne trygge og gode møteplassar, skape og bruke sine eigne kulturelle uttrykkformar, bere og verte engasjerte for menneskeverd, klima og rettferd og tru ved å delta aktivt i gudstenester og fellesskap.”* I “Saman på hjul”-turneen retta mot konfirmantar er berekraftsmåla tydeleg med som ein avsluttande del av opningsshowet. Uteaktivitetane brukar Kirkens Nødhjelps ressurs “Hinder for rettferd” for å forstå uretta i verda. Kvar aktivitet korresponderer med minst eit av dei 17 berekraftsmåla. 2200 konfirmantar har gjennomført fire postar med aktivitetar knytt til berekraftsmåla nr 3, 6, 8 og 13.

Miljøretta satsing og Miljøfyrtårn

Bjergvin bispedømekontor har i fleire år vore Miljøfyrtårn og har på denne måten bidrege opp mot berekraftsmål 13 om å stoppe klimaendringane og berekraftsmål nr. 15: *“Livet på land”*. Bispedømerådet satsar også på å rekruttere fleire kyrkjelydar til å bli *“Grøne kyrkjelydar”*. Dette inngår mellom anna som ein del av arbeidet når kyrkjelydar arbeidar med å få på plass lokale diakoniplanar og bispedømekontoret bidrar med rådgjeving.

Fellesskap og frivillig teneste som førebyggjande arbeid mot einsemd og psykiske lidningar

Under strategimål *“Det kyrkjelydsbyggjande arbeidet vert styrka ved å: inspirere fleire til å bruke sine evner og gåver i frivillig teneste”* er bispedømet med å oppfylle berekraftsmål 3 og 11 då vi gjennom denne satsinga bidreg med fellesskap og omsorg som er med å førebygge einsemd og psykiske lidningar. Dette skjer mellom anna gjennom satsinga på frivillig teneste i kyrkjelydane. Difor har bispedømet revidert sin frivilligperm frå 2006.

Resultatet er det nye heftet "Våge, tru og bevege" (sjå omtale i kap. 3.B.5) Gjennom denne satsinga er vi og med tilby inkluderande arenaer i lokalsamfunna som gir berekraft i møte med framtida.

Bevisstgjerung, haldningsskapande arbeid og satsing på pilegrimsarbeid

FNs berekraftsmål står òg sentralt i alt pilegrimsarbeid og den internasjonale kampanjen Klimapilegrim har sidan lanseringa i 2015 inspirert kyrkja si pilegrimsengasjement.

Arbeidet med FNs berekraftsmål vart i 2021 mellom anna feira med Strandryddegudsteneste på Nautøy 19. september. Samspelet med FN-sambandet om berekraftsmåla vert vidareført i planane for kystpilegrimsfeiringa av dei historiske jubilea Moster 2024 og Magnus Lagabøte-jubileet 2024.

Prostane melder at fleire kyrkjelydar har hatt temakvelder om berekraftsmåla. Dette har skapt eit engasjement for denne verdsvide innsatsen for vår felles framtid.

Vurdering

Som vi ser er det mykje av den strategiske satsinga i Bjørgvin bispedøme som kan seiest å bidra til berekraftsmåla. Samstundes ser vi ei gryande bevisstgjerung på temaet også i kyrkjelydane. Det er og verd å merke seg at berekraftsmåla gir eit felles språk som kan skapa eit ønske om samarbeid på tvers av organisasjonar og etatar.

3.D. Mål på område innanfor biskopens verksemd

3.D.1 I biskopens søkelys

Kvalitetsutvikling på visitasar

Biskopen har på same måte som tidlegare år nytta visitasane til å leggja særleg vekt på to tema: 1) Gudstenesta, både oppmoding om å laga gode gudstenester, med gudstenesteutval og involvering og oppmoding til kyrkjelyden til å delta. 2) Gjevarteneste der medlemene kan bidra til barne- og ungdomsarbeid, diakoni eller kyrkjemusikk etter kva som ligg dei nærast. På visitasen er dei blitt oppfordra til både å arbeida med det praktiske og å forkynna fram gjevarglede.

I 2021 som i 2020 vart fire av sju planlagde visitasar gjennomført i til saman ti sokn der det var 14-17 år sidan sist visitas.

Vår vurdering er at gjeldande mal for visitasar fungerer godt med dei lokale tilpassingar som vert gjort saman med lokal stab, prost og bispekontor, og malen er fleksibel nok til at ein kan leggja om programmet i koronatider. Visitasane fungerer som inspirasjon og strategiarbeid, men det er eit ope spørsmål om visitasen fungerer som kvalitetsutvikling når det er 14-17 år mellom kvar visitas.

Strategisk bruk av kompetanseheving

I samband med stiftsmøtet for prestane i november vart det laga ein bokpakke⁷ til alle prestane. Målet med denne var å gje forskingsbasert oppdatering på samfunnsutvikling for at

⁷ (Bøkene var: *Religion i medienes grep* - Knut Lundby. *Kyrkje, miljø og berekraft* - Tom Sverre Tomren. *Contemporary ecotheology, climate justice and environmental stewardship in world religions. Religion, Substansibility and Education. Økoteologi. Sansen for det Hellige* - Gunn Heidi Dybdal mfl.

dei skulle kunna nytta koronatida også til fagleg oppdatering og setja seg inn i trendar omkring medialisering, ateisme, økoteologi, religion og ungdom. I tillegg kunne alle kjøpe inn sjølvvald litteratur for fagleg påfyll, for inntil kroner 1200,-. Det vart og vil bli utvikla studieopplegg til sjølvstudium og til bruk for konvent.

3.D.2 Forvaltning av saker knytt til kyrkjeordning for Den norske kyrkja

Biskopen sine saker knytt til forvaltning av kyrkjer	2018	2019	2020	2021
Ombygging av kyrkjer – to saker var knytt til universell utforming.	21	11	17	22
Bygging i kyrkja sine omgjevnadar	7	13	8	10
Kyrkjetekstil	16	11	2	16
Inventar (inkludert liturgisk utstyr og kyrkjekunst)	4	9	6	9
Benkar/stolar	5	6	1	8
Tekniske installasjonar (lerret, lyd, ljøs)	9	10	4	0
Andre saker, bl.a. brannvarslingssystem	3	6	6	6
Medlemsskap	4	90	1	2
Fråsegn til kommunale planar og reguleringsplanar	16	7	10	10
Bispedømerådet har hatt følgjande saker knytt til forvaltning av kyrkjelov og gravferdslov.				
Justering av soknegrensar	1	2	-	1
Bruk av kyrkjefond			2	0
Avhending av eigedom			1	1

Den gudløse verden – Lars Sandbeck. Religion og Ungdom – Ida Marie Høeg mfl. Uventet og ubedt – Jan-Olav Henriksen og Kathrin Pabst. Religiøse trendar i Norge – Pål Repstad.)

IV: Styring og kontroll i verksemda

Overordna vurdering av verksemda si styring og kontroll

Hovudmål: Løyvingane til prestetenesta har som mål at alle kyrkjelydar i Den norske kyrkja skal ha fast geistleg betening, slik at tenesta er nærverande i alle lokalsamfunn. Alle sokn skal vera betent av ein eller fleire prestar.

Bjørgvin bispedømeråd nyttar mål- og resultatstyring som sitt grunnleggande styringsprinsipp. Tildelingsbrevet og årsplan dannar grunnlaget for prioriteringar i arbeidet. I 2021, som i 2020, har koronasituasjonen endra ulike føresetnadar og prioriteringar ut frå ein unntakssituasjon på mange av satsingsområda.

Bispedømerådet vil likevel meine at samla måloppnåing er god, ut frå dei rammevilkåra som har vore gjeldande. Ein har følgd nasjonale føringar for smittevern, med dei konsekvensar det har hatt for måloppnåinga. Samla vil vi meine at bispedømerådet har nytta tildelinga godt både innan prestetenesta og administrasjonen. Unytta midlar knytt til vakansar i prestestillingar har vore nytta strategisk inn mot prosjekt som tydeleg har mål å auke rekrutteringa på lang sikt. Bispedømet si langsiktige, strukturerte satsing på ungdomsarbeid er også ein del av dette.

Det vert samstundes arbeidd med risikoanalysar for ulike sider ved verksemda. Den overordna, årlege risikovurderinga, syner at risikobildet ikkje er kritisk, men at vi har nokre særlege utfordringar:

- Oppslutning rundt dåp er fallande over tid, og krev merksemd.
- Rekruttering til prestestillingar og andre kyrkjelege stillingar er låg. Når mange prestar går av med pensjon dei nærmaste åra, så vil dette bli kritisk om ein ikkje får endra trenden.
- For få tilbod til ungdom vil svekka kyrkja på sikt.

Leiinga sin årlege gjennomgang av status på styring og kontroll viser at system, rutinar og prosessar gjennomgåande fungerer godt. Følgjande punkt er vurdert spesielt:

- Verksemda si evne til å oppnå fastsette mål i tråd med Den norske kyrkja sitt oppdrag.
- Verksemda si evne til å oppfylle overordna krav om effektiv ressursbruk.
- Om sentrale risikofaktorar er innanfor akseptabelt nivå.

Frå mars 2020 blei det sett krisestab, med to prostar inne i tillegg til stiftsdirektør og biskop. Dette har og vore biskopens rådgjevingsgruppe i 2021, men nasjonale smittevernrettleiarar har gjort at det har vore mindre naudsynt med eigne tiltak på bispedømenivå. Det er etablert jamlege møtepunkt med prostane der koronasituasjonen og tiltak vart forankra. Det har og vore tett dialog med Bergen kirkelige fellesråd sin krisestab. Kontakt med kyrkjeverjelaget har og vore tettare i 2021 enn i 2020.

Gjennomgang viser at tiltak som er gjennomførte verkar fungere, og vil bli følgt ytterlegare opp for perioden 2021-2024.

4.A. HMT/Arbeidsmiljø

Det overordna målet for arbeidet med Helse, miljø og tryggleik (HMT) i Bjørgvin bispedøme:

Tilsette i Bjørgvin bispedøme skal ha eit arbeidsmiljø i tråd med AML §1 –1, og som medverkar til at medarbeidarane kan utføre kyrkja sitt oppdrag på ein god måte.

Indikator 1: Delmåla i HMT-handlingsplan for Bjørgvin bispedøme

1.1 Trygt og helsefremmande arbeidsmiljø

1.2 Verksemda skal vere prega av eit systematisk helse-, miljø- og tryggleiksarbeid.

1.3 Vi har eit arbeidsmiljø med moglegheit for utvikling og trivsel

1.4 Vi har eit arbeidsmiljø der involvering og medverknad står sentralt

1.5 Vi har eit arbeidsmiljø som tek ansvar når det gjeld vern om skaparverket

Omtale, vurdering/analyse, vegen vidare

Nok eit år har kyrkja, bispedømet og sokna si verksemd vore prega av koronapandemi og smitteverntiltak. Å vera ein trygg leiari, få ut relevant informasjon hurtig, følge opp og ivareta tilsette har vore viktigare enn nokon gong. Kyrkjerådet har gjort ein formidabel innsats med å sende ut oppdatert informasjon og rettleiing om smittevern til alle tilsette. Arbeidet med ROS-analysen under pandemien gjer det enklare for det regionale nivået å vurdere kva område og tiltak som må prioriterast.

Samstundes er det viktig å nemne at to år med pandemi har sin kostnad i form av at ein stor del av dei tilsette blir trøytt og opplever stress og frustrasjon. Rapportering av sjukefråvær, rapport frå HMS-revisjonen og rapportar frå ulike medarbeidarundersøkingar har vore viktige tilbakemeldingar i 2021. Resultata frå undersøkingane skal det arbeidast vidare med i 2022.

Fagleg oppdatering og møtepunkt med hovudverneombod (HVO) og lokale verneombod er viktig. Det har vore gjennomført fagdag med lokale verneombod (digitalt) og HVO har delteke på ulike kurs i 2021.

Grunna smittetrykket har reiseverksemda vore på eit minimum, og organisasjonen har tatt eit kjempeløft når det gjeld digital kompetanse. Digitale møte blei den nye normalen i 2020, og dette har halde fram i 2021.

Behovet for fysiske møtepunkt har vore stort. Vi var heldige og fekk gjennomført fysisk Stiftsmøte for alle prestane i november 2021. Vi fekk sær gode tilbakemeldingar på dagane. Under stiftsmøtet vart det gjeve opplæring i plenum om det å sende avvik/varsel.

Alt i alt kan vi konkludere med at Bjørgvin i hovudsak har gode arbeidsmiljø og engasjerte medarbeidarar rundt om i bispedømet.

Sjukefråvær er omtalt i kap. 3.B.5.3

Indikator 2: Miljøfyrtårn

Bjørgvin bispedøme vart resertifisert som Miljøfyrtårn i desember 2019.

- Kontorhandboka er digitalisert og blir halden oppdatert
- Arbeidet med miljøfyrtårn etter resertifiseringa er framleis med på å kvalitetssikre arbeidet med HMT

Indikator 3: Systematisk HMT-arbeid

Det er naturleg nok situasjonen rundt covid-19 som har vore i fokus når det gjeld kartleggingar og Ros-analysar i 2021. Ros-analysane har i hovudsak vore utarbeida på nasjonalt nivå, og har til ei kvar tid vore oppdaterte.

Medverkinga vert ivareteke ved at det blir gjennomført fire kontaktmøte/RAMU på regionalt nivå årleg.

Den årlege medarbeidarundersøkinga vart gjennomført hausten 2021. I Bjørgvin syner undersøkinga at vi har særleg engasjerte tilsette som opplever jobben sin som meningsfull. Samanlikna med heile trussamfunnet ligg Bjørgvin svært nær snittala. Arbeidet med medarbeidarundersøkinga blir følgd opp i kvar enkelt eining. Det blir utarbeida ein handlingsplan for kvar eining, som skal følgjast opp dei neste to åra fram til neste undersøking. Bjørgvin som eining skal arbeide med tiltak for å auke delen tilsette som har kjennskap til varslingsystemet og kanalar for å seie ifrå. Det er ynskjeleg å byggje ein kultur for å seie ifrå om forhold i verksemda, slik at ein kan jobbe meir systematisk med forbetningsarbeid knytt til dei tilsette sitt arbeidsmiljø.

Samhandlingsmøte og deling av erfaring/kunnskap med fellesrådslinja er viktig på alle nivå i verksemda vår. I år har vi arrangert felles leiarkurs i HMT saman med fellesråda med fokus på konflikthandtering. Vi har i 2021 halde fram arbeidet med å inngå samordningsavtalar med alle fellesråd, slik at vi samordnar det lokale og regionale arbeidsmiljøarbeidet. Dette vil sikre felles retningslinjer for konflikthandtering og etablering av lokale arbeidsmiljøutval/arbeidsmiljøgrupper på tvers av arbeidsgjevarlinjene. Ei slik samordning vil sikre våre tilsette eit betre arbeidsmiljø på sin arbeidsstad.

Vi arbeider kontinuerleg gjennom året med HMT. Prostemøta er ein viktig arena for å etablere ei felles forståing, og prostane er eit viktig bindeledd for å få kunnskap ut til dei tilsette. Samhandlingsmøte og deling av erfaring/kunnskap med fellesrådslinja er viktig på alle nivå i verksemda vår. Parallelt med dette jobbar vi med å halde nettsida oppdatert og relevant når det gjeld lenker og nyttig informasjon som er HMT-relatert.

Andre tiltak

Personalpresten

Eit viktig tiltak for å betre arbeidsmiljøet og gje mot i tenesta er det arbeidet personalpresten gjer gjennom samtalar med prestane og gjennom å leggja til rette for retreat, åndeleg rettleiing og arbeids-rettleiing (ABV).

Retreat

Retreatarbeid i Bjørgvin bispedøme har i 2021 halde fram samarbeidet med Bergen diakonissehjem om Retreat Bergen. Om lag ein kveld i månaden er det kveldsretreat, men fleire av kveldane har 2021 blitt lagt om grunna pandemien. Alternative tilbod har vore å leggje til rette for digitale retreatsamlingar, og å leggje ut retreatmateriale på nettet slik at den einskilde har kunna hatt retreatsamlingar heime.

Fleire prestar har i 2021 søkt og fått tilskot til å reise på retreat på ulike retreatstader.

Bispedømet har og i 2021 gitt tilbod om åndeleg rettleiing. Fleire medarbeidarar i bispedømet er utdanna åndelege rettleiarar, og det vert lagt til rette for at dei som ynskjer åndeleg rettleiing kan få tilbod om det hjå ein av dei. Det er fleire som har nytta seg av tilbodet, og møtt rettleiarane både fysisk og digitalt. Dei åndelege rettleiarane vert òg følgde opp. Dei har

tilbod om sjølve å gå til åndeleg rettleiing, møtast til fagdag og å få rettleiing på arbeidet dei gjer.

Å leggje til rette for retreat og åndeleg rettleiing er viktige signal om verdien av desse tilboda. Dei betyr mykje for motivasjonen og arbeidsgleða til dei som nyttar seg av tilboda.

Arbeidsrettleiing (ABV)

I 2021 har talet på deltakarar i ABV-gruppene i Bjørgvin bispedøme auka . Nye grupper har blitt etablert slik at det no er til saman 15 grupper. Samla har det 93 deltakarar tatt del i arbeidet i gruppene. 69 av deltakarane har vore prestar, 12 kyrkjevevjerjer, 8 diakonar, 1 kateket og 3 kyrkjelydspedagogar. Av dei 15 gruppene har det vore:

- 9 tverrfaglege grupper
- 1 seniorgruppe
- 2 prostegrupper
- 2 grupper for kyrkjevevjerjer
- 1 gruppe for ABV-rettleiarane med rettleiing på rettleiing

Pandemien førte til eit teknisk og fagleg arbeid med å legge til rette for ABV-rettleiing på nettet, og i løpet av året har alle gruppene hatt samlingane dels på nettet og dels ved fysisk frammøte. Dei nye gruppene starta og opp med samlingar på nettet. Erfaringane med ABV-rettleiing på nett er så gode at ein ser føre seg å halde fram med det i ei kombinasjonsløyning med fysiske samlingar.

Fleire prestar har og hatt individuell rettleiing over kortare eller lengre tid, eller vore med i ordninga med å ha ein mentor. Ordninga med mentor er i hovudsak for dei som er nye i tenesta, og før ein får plass i ei ABV-gruppe. Mentoren er ein røynd kollega ein kan samtale med om spørsmål og utfordringar i tenesta.

Alle ABV-gruppene i Bjørgvin er opne og kontinuerlege. Det betyr at gruppene består, medan deltakarane i gruppene over tid vil skifte. Ein bind seg for minst eitt år om gangen, og vel sjølv kor mange år ein vil vere med.

I 2021 har det vore åtte medarbeidarar med arbeidsrettleiarutdanning (AVU) i aktiv teneste i bispedømmet. Sju av dei har leia minst ei arbeidsrettleiingsgruppe. I tillegg har ein ekstern vegleiar leia grupper i bispedømmet. Rettleiarane vert fylgd opp fagleg. Dei møtest jamleg til rettleiing på rettleiingsarbeidet dei utfører, og til ein årleg fagdag..

I bispedømmet er det og ei styringsgruppe for ABV-arbeidet med medlemmer frå begge arbeidsgjevarlinene.

Godt over ein tredjedel av prestane i Bjørgvin har i 2021 vore med i ei ABV-gruppe. I tillegg eit aukande tal av fellesrådstilsette. Det kjem mange tilbakemeldingar om verdien av ABV både frå deltakarar og rettleiarar. ABV er eit av dei viktigaste HMT- og personalutviklingstiltaka vi har!

4.B. Likestilling

Bjørgvin har som mål å «Motivere og leggje til rette for at fleire kvinner søker teneste som prestar i kyrkjelydane og leiarstillingar i kyrkja».

Indikator 1: Kvinneandel – søknadar og tilsettingar 2021

Tal søknadar	Frå kvinner	Prosent kvinner av dette	Tilsettingar	Kvinner av desse	Prosent kvinner av dette
55	25	45,5%	18	10	55,6%

I tilsettingane i 2021 var over halvparten av dei nytilsette kvinner. Basert på tala ser vi ein ganske kraftig auke i tilsettingar av kvinner samanlikna med menn. Administrasjonen vil, saman med fagforeiningane, arbeide vidare med å sikre ein auke i talet på kvinner i prestestillingar. Prostar

Bispedømet ynskjer fleire kvinner til leiande stillingar.

Indikator 2: Kvinneandel i leiarstillingar, biskopar og prostar, bispedømekontoret

Bjørgvin	Kvinner	Menn	Totalt	Prosent kvinner
Administrasjonen	1	2	3	33,33
Presteskapet	2 ⁸	9	11	18

Når det gjeld kvinnedelen i leiarstillingar i prest eskapet og administrasjonen, ligg Bjørgvin bispedøme under landsgjennomsnittet. Dette inneber at bispedømerådet må halde fram med å arbeide for å auke kvinnedelane i bispedømet, noko ein har eit tydeleg fokus på.

4.C Vurdering av mislighetsrisiko

Internkontroll: Bjørgvin bispedømeråd har vurdert eigen internkontroll som tilstrekkeleg og god. Det har blitt følgt opp med eit arbeid med å systematisere dette ut frå nye rutinar i det nye rettssubjektet. Mellom anna er det starta eit arbeid med opplæring av prostar og leiarar. Vår vurdering er at transparens og tillit er hovudelementa i vår internkontroll. Vi vurderer det slik vi har ein kultur med låg terskel for å ta opp avvik. Dette er vesentleg. Samstundes har vi sett at vi kan bli betre på dokumentasjon på at rutinar er følgt og er kjent.

Bjørgvin bispedøme hadde i 2021 ekstra fokus på opplæring av prostane. Også 2021 har vore prega av pandemisituasjonen. Vi har henta inn ny kompetanse i HR-avdelinga for å betre kunne følgje opp det systematiske HMT-arbeidet, gjennomgå rutinar ved prosjektstyring og samarbeidsavtalar med fellesråda. Dette vil danne grunnlag for auka tiltak for forbetring og læring i 2022.

Vi vurderer også eigen beredskap som god med omsyn til handtering av moglege tryggleiksutfordringar innanfor våre ansvars- og myndigheitsområde. Planverk ligg føre, og vi vurderer at rutineane fungerer etter intensjonen. Det vil bli ei auka merksemd på å gjennomgå planverk og å øve på ulike scenario i 2022, særleg med vekt på beredskapsplanar og samspel med ulike andre samfunnsaktørar.

⁸ Bispedømerådet tilsette i møte i februar 2022 prost i Nordfjord som vil auke kvinneandelen i bispedømet.

V: Vurdering av framtidsutsikter

Bjergvin bispedøme vil ha god evne til å kunne nå fastsette mål også i åra som kjem. Det er samstundes fleire forhold både i og utanfor eiga verksemd som påverkar i kva grad vi som bispedøme vil kunne utføre vårt samfunnsoppdrag.

Folkekyrkja står sterkt. Sjølv om det skjer endringar som gradvis reduserer oppslutninga om nokre tiltak og om tradisjonen. Kyrkja er viktig for folk, samstundes som det ikkje betyr at kyrkja er høgt på agendaen hos folk flest i det daglege. Likesæle, eller at ein tar kyrkja som sjølvstøtte, er ei utfordring vi som kyrkje må ta på alvor. Det handlar om å ta det offentlege rommet og synleggjere kva kyrkja er, og kva kyrkja bidreg med i samfunnet.

Perioden 2020 og 2021 har gjort oss betre rusta til å møte folk på andre arenaer enn dei vi har vore vande med. Dette kan gjere oss betre rusta til å møte nokre utfordringar framover. Samstundes har vi mista dei fysiske kontaktflatene over tid, dei gode vanane, dei gode opplevingane som bind folk til kyrkja og kyrkjelyden. Dette vil det ta tid å opparbeide igjen, særleg med tanke på barn og ungdom som har mista viktige møtepunkt med kyrkja, møtepunkt som skapar relasjonar.

Oppslutning om dåp, gravferd og konfirmasjon er det kritisk viktig å følgje med på, og å arbeide systematisk med. Dette handlar om teologi, og om praktiske ting som tilgjenge, men djupast sett handlar det om relasjonen medlemmane har til kyrkja, tradisjonen og trua.

Vi vurderer at tilslutninga til konfirmasjonen som viktig både med tanke på gudstenesteliv og dåp. Vi følgjer nøye med på signala om noko lågare oppslutning. Strategisk satsing på kvalitet i konfirmasjonsundervisninga, mellom anna ved konfirmantleir, er vesentleg for å ha god oppslutning og godt omdømme i bispedømet. Dette er òg del av langsiktig satsing i forhold til dåp. Vi har tru for at ei god konfirmasjonstid aukar sjansen for at ein seinare vel å gifte seg kyrkjeleg, døype borna sine og søke kyrkja ved viktige hendingar. Det vil være viktig å følgje årskulla som fekk konfirmasjonstida prega av koronanedstenging opp på ein særleg måte vidare.

Tillit og omdømme vert til i møtepunktta folk har med kyrkja. I kva grad ein føler at ein høyrer til handlar om korleis ein blir møtt, om språk og haldningar. Desse møtepunktta handlar om det som skjer lokalt, men og om korleis ein møter kyrkja i det offentlege rommet, på sosiale media og ulike plattformer. Det er difor viktig å prioritere godt arbeid med kommunikasjon og informasjon på alle nivå i kyrkja. Det å nå ut med alt det gode som skjer på ein slik måte at folk opplever å høyre til, og blir stolt av å høyre til, er vesentleg. Bjergvin har hatt nokre særlege utfordringar knytt til nokre av dei medarbeidarundersøkingane som har vore gjort i 2021. Bispedømerådet og biskop har gjort ulike tiltak over tid. Dette er eit langsiktig arbeid, der medarbeidarundersøkingane og medlemsundersøkinga gjev hjelp til å sette inn riktige tiltak.

Vi ser av medlemsundersøkinga at vi er ganske gode på følgje opp grøn gruppe, men vi har meir å hente på å lytte til gul gruppe. Merksemd på kva pedagogikk som er rett for å møte ulike målgrupper trur vi vil auke kvaliteten i arbeidet.

Kyrkja sin diakonale profil gjennom gode tiltak og stor grad av frivillig arbeid er noko mange lokale politikarar ser verdien av. I bispedømet sin strategi er frivillig teneste og kyrkja si rolle i lokalsamfunnet noko av det vi vil arbeide med å løfte fram og styrkje.

Bjergvin bispedøme har vore sentral i oppbygginga av Bergen kirkelige dialogsenter, Barnas katedral og Ung katedral St Jakob. Ein arbeider vidare med eit prosjekt inn mot Fana

prestegard. Dette er ein del av kystpilegrimsleia, der det òg er ulike prosjekt inn mot Selje, Kinn og Røldal, men det som skil Fana prestegard frå desse, er at det er bynært og har eit stort potensial for å bli eit stiftssenter som kan vere ein ressurs på både retreatarbeid, pilegrimsarbeid og leiarutvikling for heile bispedømet.

I ei tid der oppslutning om dåp, gudstenester og andre aktivitetar går ned er det avgjerande at ein også vågar å satse på fordjuping. Det er potensiale for å nå ut til ei brei målgruppe ved å fokusere på stille, helse og allmenne ord som alle forstår. Våre historiske kyrkjerom og dei historiske pilegrimsleiene er verdfulle skattar og naturlege reiskap til å opne rom for tru og møte mellom menneske. Dei ligg der, klare til å takast i bruk i tråd med Den norske kyrkja sin nye strategi:

Kyrkja opnar rom for tru. Kyrkja er der livet vert levd. Kyrkja er meir for fleire.

I 2021 var det høring på kyrkjeleg organisering og mange viktige møtepunkt i alle prosti. Samtalane og høyringa kan danne grunnlag for vegen vidare. Det er godt samarbeid mellom dei ulike nivå i bispedømet. Framtidig kyrkjeleg organisering må være hensiktsmessig og understøtte at det er kvalitet i møtepunktta med medlemmane på alle nivå.

Bjørgvin bispedøme sin strategi for perioden 2021-2024 samsvarar i stort med kyrkjemøtet sin nye strategi. I 2022 ligg det inne i årsplanane å arbeide med frivillig teneste. Utrulling av strategien er eit samspel mellom å skape merksemd lokalt og og synleggjere handlingsrommet til at lokal kyrkja å bygge sine eigne årsplanar opp i tråd med denne.

VI: Årsrekneskapen

6. 1 Leiingskommentarar

Innleiing

Bjørgvin bispedømeråd er del av rettssubjektet Den norske kyrkja og dekkjer det nye Vestland fylke. Bispedømerådet er eit folkevald organ, valt etter reglar fastsett av Kyrkjemøtet. Rådet sitt formål er regulert i kyrkjeordninga for Den norske kyrkja §26: Bispedømerådet skal ha si merksemd på alt som kan gjerast for å vekke og nærja det kristelege liv i kyrkjelydane, og det skal fremja samarbeid mellom dei einskilde sokneråda og andre lokale arbeidsgrupper i bispedømet.

Det har blitt lagt ned stor innsats både frå prestar og administrativt tilsette for å gjennomføra lovpålagde oppgåver og realisera mål og strategiar som Kyrkjemøtet og bispedømerådet har vedteke. Trass i utfordringar med rekruttering har det vore forsvarleg geistleg betjening i alle sokn.

Bjørgvin bispedømeråd har for 2021 eit samla meirforbruk på kr 3 093 000 i høve til budsjett. I prosentavvik 1% av budsjettet.

Driftsresultat utan tilskot – gruppe 1 – viser eit meirforbruk på kr 342 000.

Resultat for tilskot – gruppe 2 – viser eit meirforbruk på kr 2 751 000.

I budsjett 2021 disponerte Bjørgvin kr 1,4 millionar av akkumulert mindreforbruk.

Resultat 2021 vil bli gjort opp mot akkumulert mindreforbruk. For 2021 hadde Bjørgvin ein inngåande saldo på kr 6 981 000. Dersom resultat for 2021 vert ståande slik det viser pr dato, vil Bjørgvin ha ein inngåande saldo i balansen på kr 2 488 000, alt på drift.

Bjørgvin bispedømeråd har gjort tiltak i tråd med overordna strategiar og planverk. Det har vore prioritert tiltak på feltet ungdomssatsing spesielt, med tanke på den langsiktige rekrutteringsutfordringa ein har på kyrkjelege stillingar og prestestillingar spesielt. Ut frå bispedømet sin buffer var det styrt med ein kalkulert risiko på at det kunne bli eit meirforbruk. Prognosane var likevel at ein styrte mot balanse. Bjørgvin har tidlegare og hatt ein situasjon der forskjell på prognose og resultat var om lag 3.5 millionar. Tiltak for å betre styringa, ved å redusere talet på feilkjelder i budsjettet har vært gjort. I 2021 vart det gjort fleire tiltak for å ikkje gå med mindreforbruk. I analyse av drifta vil vi trekke fram at tiltaka som vart igangsett i stort var målretta, men at nokre tiltak ville vorte stogga om prognosane hadde vore noko betre. Det var planlagt ulike prosjekt der tilskotsmidlar var tenkt brukt i 2020. Fleire av desse blei avlyste eller usett til 2021. Det har vore lagt ned stort arbeid i å gjere gode endringar og tenke nytt med andre konsept som kunne gjennomførast i koronasituasjonen. Det er og arbeid med å utvikle kompetanse som vil kome bispedømet til gode i tida som kjem. Det er og gjort forpliktingar opp mot eksterne samarbeidspartnarar.. Dette er kostnadsført for 2021, men er tatt inn i budsjett for 2022. Bjørgvin bispedøme har vore forsiktig på å ikkje ha tiltak som gjev auka faste kostnader. Vi har og vore opptatt av å nytte midlane på tiltak vi trur har god effekt på rekrutteringsutfordringane vi har. Mellom anna valde vi difor å ikkje ta deltakarbetaling for prosjekt Saman på hjul. Det var budsjettert med kr 600 000 i inntekter.

Bjørgvin har hatt vakanse i fleire stillingar, det er årsak til mindreforbruk.

NAV-refusjonar endte på kr 4 315 000. Dette er nær kr 700 000 mindre enn talet FØ la til grunn i prognosen pr 30.06.. Dei historiske tala er som følgjer:

2018: kr 3.800.000
2019: kr 4.500.000
2020: kr 4.879.000
2021: kr 4.315.000

Frå starten av pandemien og fram til 01.10.21 fekk ein sjukepengerefusjon frå dag 4 for sjukefråvær grunna korona. I to månader, oktober – november, var det vanleg arbeidsgjevarperiode, 16 dagar. Frå 1.desember innførte ny regjering refusjon frå dag 6 for sjukdom grunna korona.

Reiseaktiviteten har også i 2021 vert mindre enn i eit normalår. Endring av arbeidsvanar gjev utslag i mindre reiseutgifter. Samstundes som økt bruk av tog for fly gjev noko auka kostnader, men i stort blir kortare møte gjort digitale og det blir mindre reiser.

Felles økonomieining sin prognose var at Bjørgvin styrte mot balanse på grunnlag av nye tiltak for 2.halvår på kr 5 372 000. Prognosen blei oppretthalden både i september og oktober. Bjørgvin hadde ein stor buffer i oppsamla mindreforbruk, det var derfor liten risiko sjølv om det skulle bli eit meirforbruk. God økonomistyring betingar god dialog, og det betingar ein god kultur blant tilsette med tanke på innsending av variable krav.

Bjørgvin bispedømeråd vurderer eigen økonomistyring som god.



Vemund Atle Øiestad
bispedømerådsleiar



Jan Ove Fjellveit
stiftsdirektør

NØKKELTAL PR 31.12.21

270 Bjørgvin, total rapport – gruppe 1 og 2

	Rekneskap	Budsjett	Avvik	Avvik i %
Inntekter	-1 311 764	-1 987 000	-675 236	-34
Tilskudd mv	67 542 648	65 005 000	-2 537 648	-4
Lønn og godtgjørelser	143 321 562	144 723 500	1 401 938	1
Andre driftskostnader	15 904 303	14 621 500	-1 282 803	-9
Sum	225 456 749	222 363 000	-3 093 749	-1

Til samanlikning var det i 2020 motsett forteikn; eit mindreforbruk på kr 3 830 000, i prosentavvik 2%.

270 Bjørgvin, total driftsrapport – utan tilskot

	Rekneskap	Budsjett	Avvik	Avvik i %
Inntekter	-1 311 764	-1 987 000	-675 236	-34
Tilskudd mv	-63 352		63 352	
Lønn og godtgjørelser	143 171 562	144 723 500	1 551 938	1
Andre driftskostnader	15 904 303	14 621 500	-1 282 803	-9
Sum	157 700 749	157 358 000	-342 749	0

270 000 Kyrkjeleg administrasjon

	Rekneskap	Budsjett	Avvik	Avvik i %
Inntekter	-167 499	-1 875 000	-1 707 501	-91
Tilskudd mv	-1 453 352		1 453 352	
Lønn og godtgjørelser	12 829 261	13 006 459	177 198	1
Andre driftskostnader	6 284 170	5 511 500	-772 670	-14
Sum	17 492 580	16 642 959	-849 621	-5

270 4000 Prestetenesta

	Rekneskap	Budsjett	Avvik	Avvik i %
Inntekter	-1 144 264	-112 000	1 032 264	922
Tilskudd mv	1 390 000		-1 390 000	
Lønn og godtgjørelser	130 342 300	131 717 041	1 374 740	1
Andre driftskostnader	9 620 133	9 110 000	-510 133	-6
Sum	140 208 169	140 715 041	506 872	0

AVSETJING I BALANSE – INNGÅANDE BALANSE 2022

Gitt at resultat 2021 vert ståande slik vi her har gjort greie for, vil Bjørgvin ha kr 2 488 000 i inngående balanse 2022.

Vedlegg

Gjennomført program for biskop Halvor Nordhaug 2021

JANUAR

18. Sentralt etterutdanningsutval

FEBRUAR

2. Bispedømeråd

15. – 19. Bispemøte

MARS

Deltok i fleire digitale konvent i ulike prosti

10. Prostemøte

12. Bispedømeråd

APRIL

Protesamtalar, dei fleste fysiske

MAI

4. – 9. Visitas, Osterøy

19. – 20. Bispemøte

25. – 27. Prostemøte

31. Bibelselskapet representantskap

JUNI

1. Bispedømeråd

20. Gudsteneste med innsetting av generalsekretær Jeffrey Huseby i Sjømannskirken

21. – 24. Vegen til vigsla teneste

AUGUST

30. aug. - 4. sept. Studietur med Bispemøtet til Finnmark

SEPTEMBER

7. - 9. Prostemøte, Bergen

12. Raundalen kyrkje 100 år

21. - 26. Visitas, Årdal

27. Møte i styringsgruppa for Moster 2024, Bømlo

28. Prostdag Nordhordland

OKTOBER

3. Vinje og Oppheim kyrkjer 150 år

5. Bibeltime, Birkeland menighet

6. Filosofisk poliklinikk, Litteraturhuset, Bergen

7. Biskopen på hjemmebane, Domkirken

13. St. Olav Kirkeakademi, Trondheim

18.-22. Bispemøte, Oslo

27.-31. Visitas, Osterfjorden

NOVEMBER

2. - 4. Nasjonal leiarkonferanse med prostemøte, Oslo

11.-16. Kyrkjemøte, Trondheim

16.-18. Stiftsmøte, Bergen

22. Kontaktmøte mellom Den norske kyrkja og Humanetisk Forbund, Oslo

25. Biskopen på hjemmebane, Domkirken

30. nov. – 5. des. Visitas, Fitjar

DESEMBER

14. Samling for seniorar/tidlegare tilsette i Bjørgvin bispedøme med følgje.

25. Juledagsgudstjeneste, Domkirken



DEN NORSKE KYRKJA
Bjergvin bispedøme